

Intensjonsavtale - s. 9



Besøk av Fylkesmannen - s. 10



Areal og transportplan - s. 32

# BOKN BYGDABLAD

Nr. 1 febuar/mars 2016 – Årg. 31




Ny parkeringsplass - s. 3 og 23



H A R

RDFØRAREN
RDET

*Kjære boknerar*

Selv om det nye året er kommet godt i gang er dette første "ordføreren har ordet" i 2016, og jeg vil nytte anledningen til å ønske alle et Godt Nytt År.

**Inntektssystem, kommunereform og folkeavstemming**

En av de første store utfordringene som dukket opp i det nye året er forslaget fra regjeringen om nytt inntektssystem for kommunene. Tallene viser at det for flere kommuner vil bli en nedgang i inntektene om forslaget går gjennom i stortinget. Inntektstapet vil få konsekvenser for flere kommuner, Bokn er en av dem. Systemet er lagt opp slik at det er avstanden til en befolkning på 5000 personer som avgjør hvor stort inntektstapet blir. For Bokn betyr dette at avstanden til Tysvær er for liten, og at Bokn derfor regnes som det regjeringen har valgt å kalle "frivillig liten" og må tåle et inntektstap. Foreløpig er dette beregnet til et tap et sted mellom 5-8 millioner med en nedtrapping over et ukjent antall år. Det er viktig å påpeke at det er knyttet stor usikkerhet til utslagene av alle sider ved det nye systemet og det blir spennende og se hvilken støtte dette forslaget får på stortinget.
Høringsfristen var satt til 1. mars og Bokn har protestert høylytt på dette. Dette er også et utidig press midt i en kommunereform som var sagt skulle baseres på frivillighet.

I kommunereformen er alle kommuner pålagt å utrede sammenslåing med en eller flere andre kommuner. Bokn har valgt å utrede sammenslåing med Tysvær. Boknerane vil der med ha to valg i den kommende folkeavstemmingen, Bokn sammenslås med Tysvær, eller Bokn som egen kommune. Dette blir det opp til den enkelte boknar å bestemme.

Rådmennene i de to kommunene har laget utredning om hvordan alternativene vil slå ut ved sammenslåing og som egne kommuner. Dette er et stort arbeid som jeg må berømme vår rådmann for å ha gjennomført på en glimrende måte på kort tid med arbeid både dag og natt. Avtalen ble vedtatt lagt ut på høring av kommunestyret den 8. mars med høringsfrist 1. mai. Avtalen er lagt ut på kommunens hjemmesider. For de som ønsker avtalen i papirform kan de henvende seg til servicetorget for utskrift. Det er også laget en intensjonsavtale mellom Bokn og Tysvær som tar inn i seg hvordan den nye kommunen skal driftes og styres. Denne avtalen er det ordfører, varaordfører, rådmann og hovedtillitsvalgt fra begge kommuner som har fremforhandlet. Avtalen har som hovedmål å beskrive hvordan det blir i den nye kommunen som Bokn blir en del av. Også intensjonsavtalen er lagt ut på kommunens hjemmesider og alle oppfordres til å sette seg inn i avtalen før folkeavstemmingen. Også denne kan fås i papirform ved henvendelse servicetorget.

Det vil på kommunens hjemmesider bli lagt ut all informasjon som kan være relevant for denne saken. Det vil også bli avholdt to folkemøter, et møte før høringsfristen for utredningen går ut og et før folkeavstemmingen. Dato for folkemøtene og folkeavstemmingen er foreløpig ikke satt, men vil bli annonsert så snart de er klare.

Folkeavstemminger i Norge kan kun være rådgivende. Undertegnede og de aller fleste andre i kommunestyret er allikevel klare på at vi følger folkets vilje i denne saken uansett utfall.

Usikkerhet om hva det enkelte alternativ innebærer er nok noe alle vil føle på i denne prosessen. Inntektssystemet er uklart og ikke vedtatt, hvordan blir formueskatten på verk og bruk (inntektene fra Kårstø) i fremtiden, og helt sikkert en hel rekke andre faktorer man ønsker svar på. Mange av disse svarene vil vi ikke få før en avstemming, men vi lover å gjøre det vi kan for å få frem det som er mulig av informasjon før den enkelte må fatte en endelig avgjørelse.

**Mobildekning i Bokn**

Dårlig mobildekning er en stor utfordring flere steder i Bokn. I dagens samfunn er tilfredsstillende mobildekning en selvfølge for å kunne drive normalt enten det er næring eller fritid. Samtaler, meldinger, alarm- og overvåkningssystemer er alle basert på mobilsystemet med tilhørende dekning. For å få mobilselskapene til å bedre dekningen i Bokn er det satt i gang et prosjekt for å fronte dette. Prosjektet ledes av Jørn Hansen, og som mange har sett er kartleggingen



og kampanjen for å dokumentere den dårlige dekningen godt i gang med blant annet et opprop på facebook. Dette er et prosjekt som vil bety mye for mange og vi er særdeles spente på hvor fort mobilselskapene klarer å bedre dekningen i Bokn kommune.

**Parkeringsplass ved kirken**

Som mange har sett er Odd Grønnestad ferdig med grunnarbeidet av ny parkeringsplass ved kirken. Plassen vil romme ca. 35 biler og blir sammen med plassen ved gamle skolen nok til at det ikke skulle bli nødvendig å parkere langs veien ved de fleste av de mest folkerike dagene i kirken. Det er utrolig godt jobbet av alle involverte å få dette prosjektet så fort frem. Fra vedtak i kommunestyret rett før jul til oppstart av arbeidet med parkeringsplassen er det ikke gått mange ukene. Jeg må også få takke Gunnar Bokneberg som avstår grunn til parkeringsplassen. Dette er noe som vil bedre forholdene for alle som skal i kirken og som øker trafikksikkerheten for alle de som ferdes i området.

(Sjå også s. 23- red.anm. )

**Utvidelse av sykehjem og omsorgsboliger**

Etter vedtak i kommunestyret om å utvide sykehjem og omsorgsboliger med opp til 15 boenheter er dette arbeidet nå godt i gang. Arbeidsgruppen med Rune Vatnaland som leder, Lene Ognøy Foss, Sigmund Alvestad, Jørgen Thuestad, Ingunn Toft, tillitsvalgt ved sykehjemmet og Anne Askeland som sekretær har det travelt med planlegging av prosjektet som er planlagt å være ferdig i utgangen av 2017. Gruppen har mandat til full ferdigstillelse og arbeider ut fra mandatet og budsjettvedtaket. Det største fokuset er at vi skal få boliger som er funksjonelle, og at ansatte og beboere skal få et komplett miljø hvor alle trives.

**Tilbringertjenesten for los til Bokn**

I mange år har det vært snakket om at losbåten burde vært flyttet fra Kopervik til Bokn. Fra midten av april er dette en realitet. Med kort vei til losmerkene og fint farvann å seile til og fra havn i er Bokn og Boknasundet det perfekte utgangspunkt for denne tjenesten. Bukser og Bergning som har vunnet en 10 års kontrakt på drift av losbåtene har leid lokaler og kai hos Espen og Åse Helen Alvestad. Her skal de ha sin base på kaien i Alvestadkroken og i sjøhuset hvor Bokn Bufellesskap tidligere holdt til. Det er flott at denne aktiviteten valgte Bokn som base og jeg er sikker på at dette i fremtiden vil skape god aktivitet og gode arbeidsplasser i Boknasamfunnet.

**Oversikt over prosjekter**

For at de som er interesserte i å se hvilke prosjekter kommunen til enhver tid har er det lagt inn en oversikt over dette på kommunens hjemmeside. Oversikten er en enkel fremstilling med kort beskrivelse og status for den enkelte sak. Oversikten finnes ved å klikke inn på bokn kommune og knappen "Til orientering".

Nå står en tidlig feiring av påskehøytiden for døren. Med et snev av vår luften og sol i bakken er dette en flott tid av året.

Jeg vil med dette ønske alle en fin påskefeiring både ved fjell og sjø.

*Hilsen ordføreren*

Postkassebøkene i 2015:

## Rekordar på Boknafjellet og Vardafjellet

Jardar Havikbotn

**Det verkar som den gjennomsnittlege turgåaren ikkje vil gå for langt for å skriva seg opp i ei bok.**

**Boknahåve**

Her blei resultatet litt dårlegare enn i 2014. 242 underskrifter var registrert i boka i 2015, og rekorden frå 2013 med 316 namn blir ståande. Trekninga viste at vinnaren blei nr. 204, **Ingunn Grønnestad, Bokn.**

**Vardafjellet**

Her passerte talet 2.000 og den førre rekorden frå 2013 blei slått med 380 namn. 2.011 hadde skrive seg opp i boka. Nr. 1.618 blei trekt ut, **Karianne Krag, Rennesøy.**

**Boknafjellet**

Her har det bokstavleg talt vore stigning i mange år nå, og i 2015 stoppa talet på 4.498 - 345 fleire enn i 2014. Her går det mot 5.000. Det var nr. 2.856, **Elisabet Taraldlien, Bokn** som blei trekt ut.

Gratulerer til alle!

Det samle besøkstalet på dei tre stadene var 6.751. Mykje skal skje viss ikkje 7.000-talet blir passert i 2016.

**Takk til Gry K. Øvrebø, Oddrun H. Nilssen og Wenche L. Havikbotn for sporty innhenting av nødvendig informasjon på dei ulike stadene.**

Bokn kommune oppfordrar fastbuande og besøkande turgåarar, joggarar, syklistar, m.m. til friluftsliv. Dei som skriv opp namna sine i bøkene på dei ulike stadene, er med i trekninga om gåvekort på kr. 500,- hos sport og villmarkskjeden XXL. **Premien kjem i posten.**



| **Kommunale avgifter** | 2015 | | 2016 |
|---|---|---|---|
| **Frå og med 2016 vert det ny gebyrstruktur for slam. HIM overtar** | | | |
| (sats pr. år der ikkje anna er oppgitt) | | **endring** | |
| Bustad inntil 4,5m3 tømming kvart 2 år | | | 1 031 |
| Bustad 4,6-10m3 tømming kvart 2 år | | | 1 806 |
| Fritidsbustad inntil 4,5m3 tømming kvart 4 år | | | 519 |
| Fritidsbustad 4,6-10m3 tømming kvart 4 år | | | 906 |
| Tette tankar inntil 6m3 tømming kvart år | | | 2 063 |
| Tette tankar 6,1-10m3 tømming kvart år | | | 3 613 |
| Gråvatn tank inntil 4,5m3 | | | 1 031 |
| Gråvatn tank 4,6-10m3 | | | 1 806 |
| Minireinseanlegg inntil 4,5m3 | | | 1 344 |
| minireinseanlegg 4,6-10m3 | | | 2 063 |
| Ekstratømming | | | 3 125 |
| Bomtur | | | 875 |
| | | | |
| **Feiing og brannsyn / tenesten vert kjøpt av Tysvær og vi fylgjer deira satsar** | | | |
| Feiing kvart år | 745 | 0 % | 745 |
| Feiing pr. pipe (kvart 2.år) | 497 | 0 % | 497 |
| Feiing pr. pipe (kvart 3.år) | 412 | 0 % | 412 |
| Feiing pr. pipe (kvart 4.år) | 372 | 0 % | 372 |
| Tilsyn med gassformig brensel | 248 | 0 % | 248 |
| Feiing hytter pr feiing. | 745 | 0 % | 745 |
| | | | |
| **Renovasjon / Med forbehald om at satsane vert vedtatt av HIM IKS sitt styre** | | | |
| Renovasjonsavgift standard | 2 931 | | 2 813 |
| Lite renovasjosabonnement | 2 492 | | 2 388 |
| Stort renovasjonsabonnement | 5 863 | | 5 625 |
| Abonnement.m/stor restavfallsdunk | 5 276 | | 5 063 |
| Abonnement m/stor papirdunk | 3 224 | | 3 094 |
| Hytte renovasjon | 1 759 | | 1 688 |
| Ekstra henteavstand inntil 30m | 1 450 | | 1 450 |
| | | | |
| **Kloakk** | | | |
| Kloakkavgift inntil 250 | 3 561 | 0 % | 3 561 |
| Kloakkavgift Hytte o.a. eigedomar | 1 691 | 0 % | 1 691 |
| Tilknytningsavgift kloakk | 25 000 | | 25 000 |
| Tilknytning avløp utanom hovudbruk | 6 250 | | 6 250 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Vatn** | | | |
| Tilknytningsavgift vann | 25 000 | | 25 000 |
| Tilknytning vatn utanom hovudbruk | 6 250 | | 6 250 |
| vannavgift bolig | 5 459 | 0 % | 5 459 |
| Vannavgift gardsbruk | 8 735 | 0 % | 8 735 |
| Vannavgift hytte oa. eigedomar | 2 724 | 0 % | 2 724 |
| innstallasjon av vannmålar | 994 | 0 % | 994 |
| Fast abn.gebyr vatn (vannmålar) | 1 926 | 0 % | 1 926 |
| Forbruksgebyr vatn pr.kbm | 15,00 | - | 15,00 |
| Leige av vannmålar tom 25mm | 496 | 0 % | 496 |
| Leige av vannmålar 25-50mm | 994 | 0 % | 994 |
| Leige av vannmålar 51-150mm | 1 788 | 0 % | 1 788 |
| Leige av vannmålar større enn 150mm | 7 946 | 0 % | 7 946 |
| | | | |
| **Bygdablad** | | | |
| Abonnement papir el.PDF | 424 | 3 % | 437 |
| Abonnement papir +.PDF | 607 | 3 % | 613 |
| Annonse: 1/8 side | 250 | 0 % | 250 |
| Annonse: halvside | 1 000 | 0 % | 1 000 |
| Annonse: heilside | 2 000 | 0 % | 2 000 |
| Annonse: kvartside | 500 | 0 % | 500 |
| Fastann.etter avtale | - | 0 % | - |
| Privatannonse | 100 | 0 % | 100 |
| Nettannonse | 100 | 0 % | 100 |
| | | | |
| **Barnehage** | | | |
| **11 betalingsterminar endringstidspkt fra 1.aug.2015 (følger statens satser)** | pr.01.08.15 | **endring** | pr.01.08.16 |
| Heildag - 5 dg/veke | 2 580 | 0 % | 2 580 |
| Heildag - 3 dg/veke | 1 436 | 0 % | 1 436 |
| Heildag - 2 dg/veke | 960 | 0 % | 960 |
| Kost 5dg/veke | 250 | 0 % | 250 |
| Kost 4dg/veke | 225 | | 225 |
| Kost 3 dg/veke | 200 | 1 % | 200 |
| Kost 2 dg/veke | 120 | 0 % | 120 |
| Dagplass | 200 | 0 % | 200 |
| kost dagplass | 13 | 0 % | 13 |

## Kommunale avgifter og eigenandelar for 2016

| Diverse sal | Diverse sal | Diverse sal | Diverse sal |
|---|---|---|---|
| Bygdabok pr. bind. | 450 | | 450 |
| Bygdesoga pr. bind | | | 500 |
| Krus | 75 | | 75 |
| Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter) | 50 | | 50 |
| Kopiar svart/kvit ant.1-100 | 0,50 | | 0,50 |
| Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx | 0,30 | | 0,30 |
| Kopiar farge ant. 1-100 | 2,00 | | 2,00 |
| Kopiar farge ant. 101-xxxx | 1,50 | | 1,50 |
| Plastlaminering | 10,00 | | 10,00 |
| Fast kostnad leige av kommunebuss | | | 100,00 |
| Leige kommunebuss (org/lag) | 1,50 | | 1,50 |
| Leige kommunebuss (Privat/næring) | 5,60 | | 5,60 |
| | | | |
| **Musikkskulen** | | **endring** | |
| Einetimar (20 min) | 771 | 5,00 % | 810 |
| Einetimar (30 min.) | 1 155 | 5,00 % | 1 213 |
| Delt time (20 min) | 386 | 5,00 % | 405 |
| Delt time (30 min.) | 578 | 5,00 % | 607 |
| Instrumentalgrupper | 794 | 5,00 % | 834 |
| Leige instrument | 373 | 5,00 % | 392 |
| sang, dans,drama | 614 | 5,00 % | 645 |
| Rådmannen får fullmakt til å fastsette brukarbetaling for kortare kurs og tilbod | | | |
| Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet. | | | |
| Søskenmoderasjon barnehage 30% (på rimelegaste tilbud) | | | |
| Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barnehage) | | | |
| Søskenmoderasjon 50% på barn 3. | | | |
| **SFO - takstendring fom 1.08.2016** | | | |
| **10 betalingsterminar (bet.fri. juni og juli)** | **2015/2016** | **endring** | **2016/2017** |
| Heil plass skuledagar | 2 355 | 2,50 % | 2 414 |
| Heil plass skuledagar + skulefridagar | 3 476 | 2,50 % | 3 563 |
| Skulefridagar | 1 120 | 2,50 % | 1 148 |
| 5 dg/u Før skulestart | 785 | 2,50 % | 805 |
| 5 dg/u Frå skuleslutt til 1410 | 361 | 2,50 % | 370 |
| 5 dg/u frå 1410 til 1630 | 1 209 | 2,50 % | 1 239 |
| 3 dg/u før skulestart | 457 | 2,50 % | 468 |
| 3 dg/u skuleslutt til 1630 | 704 | 2,50 % | 722 |
| 2 dg/u før skulestart | 326 | 2,50 % | 334 |
| 2 dg/u skuleslutt til 1630 | 504 | 2,50 % | 517 |
| Frukost alle dagar + skulefridagar | 222 | 2,50 % | 228 |

# Kommunale avgifter og eigenandelar for 2016

| **Pleie og omsorg** | **2015** | | **2016** |
|---|---|---|---|
| Opphald og hjelp i heimen fylgjer dei maksimalsatsane som Stortinget vedtar. *) | | Maksimalt veder-lag pr. mnd i 2014 | 3 660 |
| Fribeløp før beregning av vederlag | 7 500 | | 7 800 |
| fribeløp før beregning av vederlag ved dobbelt rom | 36 200 | | 37 250 |
| Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2014 (forutsetning for vederlagsberegning) | | | 3 660 |
| Dag/natt opphald *) | 74 | | 80 |
| Døgn opphald *) | 142 | | 150 |
| Heimehjelp timar inntil 2 G | 160 | 190 | 160 |
| Heimehjelp timar 2G-3G | 188 | | 188 |
| Heimehjelp timar over 3G | 230 | | 230 |
| Trygghetsalarm pr.mnd. Kr 115,- | 1 380 | | 1 380 |
| Middag | 75 | 0,00 % | 75 |
| Middag dagsenteret | 75 | 0,00 % | 75 |
| | | | |
| **Husleigeinntekter** | | | |
| Husleiga på alle kommunale bustader vert indeksregulert 1.10. med konsumprisindeksen | | | |
| **Nye gebyr ved manglande betaling (ihht inkassoforskrif-ten)** | **max sats** | | **max sats** |
| Purregebyr | pt. 63,- | | pt. 63,- |
| Innkassogebyr | pt. 189,- | | pt. 189,- |
| Forsinkelsesrente | pt. 9,5% | | pt. 9,5% |
| **Oppmåling og tinglysningsgebyr vert fakturert etter fak-tisk kostnad + kommunalt adm.gebyr på kr 95,-** | | | |

**Tiltak som krev søknad om løyve etter pbl § 20-1**

| | **2014** | **auke** | **2014** |
|---|---|---|---|
| Bustader og fritidsbustader i regulert område | 8 818 | 3 % | 9 083 |
| Bustader og fritidsbustader i uregulert område | 11 757 | 3 % | 12 110 |
| Driftsbygningar/ landbruksbygg over 1000 m2 BRA | 12 347 | 3 % | 12 717 |
| Mellombels bygg og anlegg som skal stå meir enn 2 år | 4 409 | 3 % | 4 541 |
| Bryggje, molo m.m. | 4 409 | 3 % | 4 541 |
| Brønn, basseng dam | 4 409 | 3 % | 4 541 |
| Garasje, naust, uthus, redskapshus og liknande | 4 409 | 3 % | 4 541 |
| Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off.bygg m.m | 12 347 | 3 % | 12 717 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fasadeendring o.l., tilbygg BRA over 50 m2 | 5 879 | 3 % | 6 055 |
| Bruksendring | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Riving | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Byggeteknisk installasjon, pipe, heis og liknande | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Oppdeling/ samanføying av bustadeiningar | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Innhegning mot veg, skilt eller reklame | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Frådeling av eigedom | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Vesentleg terrenginngrep | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Veg og parkeringsplassar | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| **Tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2 og som tiltakshavar skal stå føre** | | | |
| Mindre tiltak på bygd eigedom | 1 764 | 3 % | 1 817 |
| Alminneleg driftsbygning i landbruket opp til 1000 m2 BRA | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Mellombels bygg og anlegg som skal stå mindre enn 2 år | 1 764 | 3 % | 1 817 |
| Fasadeendring og liknande, tilbygg opp til 50m2 BRA | 1 764 | 3 % | 1 817 |
| Garasje, naust, uthus, reiskapshus og liknande opp til 70 m2 | 1 764 | 3 % | 1 817 |
| **Andre gebyr** | | | |
| Dispensasjon etter pbl § 19-1 | 5 879 | 3 % | 6 055 |
| Løyve til å setja i gang | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Minstegebyr, andre slag arbeid | 2 940 | 3 % | 3 028 |
| Utsleppsløyve for nye og rehab. av private avlaupsanlegg | 4 409 | 3 % | 4 541 |
| Godkjenning av ansvarsrett utan sentral godkjenning | 2 351 | 3 % | 2 422 |
| Godkjenning av ansvarsrett med sentral godkjenning | - | | - |
| Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak som kommunen blir merksam på og som ein må forfølgja. Gebyret kjem i tillegg til andre byggesaksgebyr | 11 664 | 3 % | 12 014 |
| **Plansaker etter pbl kap. 12** | | | |
| Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa | 46 658 | 3 % | 48 058 |
| Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa | 77 763 | 3 % | 80 096 |
| Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa | 108 868 | 3 % | 112 134 |
| Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa | 77 763 | 3 % | 80 096 |
| Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa | 108 868 | 3 % | 112 134 |
| Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa | 139 973 | 3 % | 144 172 |
| Mindre reguleringsendring | 15 553 | 3 % | 16 020 |

# Intensjonsavtale om kommunesamanslåing

Jardar Havikbotn

**26. februar hadde ordførarane i Bokn og Tysvær pressekonferanse ang. ein presentasjon av intensjonsavtale for ein samanslåingsprosess.**

Møtet gjekk føre seg på bakdekket på taubåten *Bokn*, i nøytralt farvann mellom Bokn og Tysvær. Dei to kommunane er samde om ein intensjonsavtale som fortel korleis den ev. nye kommunen blir.



*Foto: Fv. Ordførar i Bokn, Tormod Våga og ordførar i Tysvær, Sigmund Lier.*

**Folkerøysting**

- For Bokn er dette eit godt alternativ i kommunesamanslåingsdebatten, som kommunestyret vil legga fram for innbyggarane som eitt av to alternativ i ei folkerøysting. Boknarane skal få velja mellom samanslåing med Tysvær eller å halda fram som eigen kommune, seier ordførar Tormod Våga, og legg til at dette er noko Bokn kommune gjer fordi kommunen er pålagt å gjera det.

Det er ei bestilling frå regjeringa at alle kommunar skal utgreia ei kommunesamanslåing.

- Viss ikkje me gjer det sjølv vil nokon andre gjera det for oss, og det trur me ville vore verre, meiner han.

Ordføraren fortel at forslaget til nytt inntektssystem for kommunane vil gå utover drifta, og trur det er rett at boknarane får valet om me skal gå saman med ein annan kommune eller gå vidare som eigen kommune. Senterparti-ordføraren meiner at det er liten tvil om at dei økonomiske verkemidla er tvangsverkemiddel frå regjeringa sjølv om dei seier at det ikkje er det.

- Når det er slik, føler me at det er rett å gi innbyggarane valet.

Fylkesmannen skal ha inn resultata på kva kommunane har bestemt seg for innan 30. juni. Dette er før ein veit korleis inntektssystemet blir.

- Det er svært uheldig at ein skal velja på usikkert grunnlag, men me må forholda oss til korleis regjeringa har valt å legga det opp, fortel ordføraren, og legg til at ei folkerøystinga truleg blir i første halvdel av juni.

**Alle dei store temaa**

Intensjonsavtalen er ein heilheitleg avtale som fortel korleis den nye kommunen skal bli. Det går på kor det skal vera utvikling, det handlar om skulestruktur, barnehage, helse og omsorg, næringsutvikling, m.m - alle dei store temaa. Det er ordførar, varaordførar, rådmann og hovudtillitsvalt frå begge kommunane som har vore med å utarbeidt intensjonsavtalen.

Ordførar Tormod Våga presiserer nok ein gong at jobben deira har vore å utarbeida alternativ som boknarane skal få velja i. Avtalen skal godkjennast i begge kommunane sine kommunestyrer før avtalen er gyldig til å leggast ut til høyring og fram for folkerøysting.

I tillegg til intensjonsavtalen har rådmennene i Bokn og Tysvær laga utgreiingar om korleis kommunane er i dag og kva dei har/ikkje har igjen for å slå seg saman. Desse skal også ut på høyring.

***Intensjonsavtalen og rådmennenes rapport om utgreiingssamarbeid mellom Bokn og Tysvær kan ein få i papirform ved å henvenda seg i servicetorget på Boknatun.***

***Sjå også s. 2***

# Besøk av Fylkesmannen

Jardar Havikbotn

**Onsdag 9. mars fekk Bokn kommune besøk av fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa og leiargruppa hennar.**

Dei er ute på ein omfattande besøksrunde blant kommunane i Rogaland, for å sikra god dialog mellom kommune og fylkesmann.

– Målet er at me skal vita meir om kvarandre etter desse møta, seier Kleppa.

**Nyttig og inspirerande**

På den førre turnéen i 2014 var Kleppa fersk fylkesmann og hadde behov for å gjera seg kjent. Nå var det på tide med ein ny besøksrunde i lag med leiargruppa. For Fylkesmannen i Rogaland er det nyttig og viktig å orientera seg om det som rører seg i kommunane. Samtidig er det sentralt å få orientert om kva forventningar dei har, på vegne av regjering og storting.



***Fylkesmannen med si leiargruppe, Bokn formannskap og representantar frå administrasjonen i Bokn kommune.***

- Arbeidet med kommunereforma var eit opplagt tema, men me var også innom alle dei store samfunnsområda me steller med, påpeiker Kleppa.

- Det er svært mange nye folkevalde etter dette valet. Og mange nye ordførarar. Det er avgjerande at me blir fort kjende med kvarandre slik at me sikrar ein god start på eit viktig samarbeid, avsluttar fylkemann Magnhild Meltveit Kleppa.

# Nytt fjes i seksjon teknisk

Jardar Havikbotn

**Marielle Jensen er fram til 17. juli prosjekttilsett som byggesaksbehandlar i Bokn kommune.**

25-åringen frå Bergen, busett i Sveio, er utdanna sivilingeniør i petroleumsteknologi ved NTNU i Trondheim. Pga. nedgangstidene i oljeindustrien er det for tida ingen relevante jobbar å søkja på for henne.

- Då må ein prøva andre ting, smiler Marielle, som sidan ho var ferdig utdanna i juni i fjor også har jobba i butikk. Eit år i militæret har ho også bak seg.

Det er mykje nytt ho skal setta seg inn i.



***Marielle Jensen***

- Ja, eg har vore på kurs i byggesaksbehandling og i arkivering, fortel ei som har heldt på med hest store delar av livet. Konkurrert har ho også gjort, i dressur-ridning. Friluftsmennesket er ikkje framand for å ta pedagogikk og bli lærar i framtida. Men nå er det kommunal saksbehandling som gjeld.

- Eg føler forresten at eg sit litt på skulebenken nå også, avsluttar Marielle Jensen.

Du finn henne i Servicetorg-området (gamle kontoret til SR-Bank Bokn).

# Bokn Bygdablad for 25 år sidan

## FRÅ NR. 1 1991



LOKAL FEST NÅR BOKNASUND BRU OPNAR OFFISIELT DEN 22. FEBRUAR

Fredag den 22. februar vil Bokn kommune markera åpninga av Boknasund bru, og det er god grunn for samtlege boknarar å ta del i feiringa. Det må også vera god grunn til å heisa flagget denne dagen, og for ungane å få flagg med seg.

Festen startar på brua kl.12.00 . Her vil det delta musikkorps, og ei spesiell åpningsmarkering vil finna stad.

Klokka 13.00 vil det bli fest på Bokn skule. Det vil bli underholdning og servering.Ei stor kake skal lagast av dyktige bokn-konditorar, og saman med kaffi og brus vil nok dette smaka.

Underholdninga vil bli både musikalsk og andre innslag.

Jan Spurkeland vil vera med, og då vil det nok bli framført både songen om Boknabru og andre musikalske godbitar med lokal vri. Også Bokn sine eigne musikalske krefter blir med.

Skulen skal ha fri denne dagen, og Bokn kommune inviterer alle boknarane til å vera med på feiringa. Det ville vore fint om flest muleg, både vaksne og barn, kunne ta seg fri for å vera med på denne festdagen kor Austre og Vestre Bokn vert knytt saman, samtidig som også Vestre Bokn får fastlandssamband.

Dei som ikkje sjøl kjører bil, vil kunna fylgja oppsett skyss med buss frå brua til skulen etter at åpninga på brua er over.

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Kjelde: Statens kartverk**

**Borgenvik Hytteområde 18 (Gnr 24, bnr 33)** er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik og Odd Jakob Borgenvik til Anja Borgenvik, Katrine Borgenvik og Rita Borgenvik Hansen **(21.01.2016)**

**Hålandsvegen 60 (Gnr 12, bnr 4)** er overdradd for kr 1.519.191 fra Ståle Trosnavåg til Artur Trosnavåg **(02.02.2016)**

**Gnr 19, bnr 79** er solgt for kr 700.000 fra Anne Lisabeth Jøsang og Jan Kristian Jøsang til Kristin Fjermestad og Jan Robert Høier Ringen **(04.02.2016)**

**Grønnestadvegen 156 (Gnr 25, bnr 2)** er overdradd for kr 2.700.000 fra Ove Torstein Alvestad til Didrik Jansen Alvestad **(17.02.2016)**

**Gnr 11, bnr 323** er solgt for kr 614.000 fra Bokn kommune til Tom Inge Aksdal og Lene Surnevik **(17.02.2016)**

**Gnr 24, bnr 31** er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik og Odd Jakob Borgenvik til Inger Marie Borgenvik **(18.02.2016)**

**Borgenvik Hytteområde 23 (Gnr 10, bnr 67)** er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik og Odd Jakob Borgenvik til Ove Borgenvik **(18.02.2016)**

**Gnr 10, bnr 73** er overdradd for kr 250.000 fra Gina Alvestad til Kim Erik Marx Larsen **(23.02.2016)**

Kartverket

**Aud Leidy Gaupås, fødd 12. mai 1967, døydde 18. januar 2016.**

Ho vart fødd og oppvaksen i Skjoldastraumen som yngst i ein syskenflokk på seks. Foreldra var Olene og Dagvald Gaupås.

Etter skulegang arbeidde Aud Leidy på handelslaget i Skjoldastraumen. I Aksdal jobba ho som dagmamma og på bensinstasjonen, der ho var i 16 år. I 1993 blei ho sambuar med Jens Morten Vatnaland. Aud Leidy arbeidde også ved Bokn sjukestove frå 2004 og til ho vart sjuk i 2011.

Aud Leidy var glad i hagearbeid og blomar. Spesielt var ho flink med orkidear. Ho likte også godt å fotografera. Ei samling med mange tusen kulepennar var også ein av hobbyane hennar.

Ho var blid og stod på til det siste, var sosial og likte å vera med familie og venner.

Aud Leidy etterlet seg sambuar og eitt barn.





*Foto: Kjetil Hamre*

*Stor takk for all medkjensle, blomar, pengegåver til Kreftforeningen og deltaking i gravferda til vår kjære Aud Leidy Gaupås' bortgang.*
*Ein ekstra takk til helsetenesta i Bokn for god hjelp og pleie.*

*Jens Morten og Lene*

## Innskriving av elevar for skuleåret 2016/2017




Velkomen til innskriving for 1. kl. 2016/2017 på Bokn skule fredag 29. april kl. 09.00 til om lag kl.11.00.

Alle barn i Bokn som er fødde i 2010 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2016. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

Søknadsfrist for begge er 15. mai 2016.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkomen til Bokn skule!

Med helsing
Wenche L. Havikbotn
- rektor -

# Årets 17. mai-talar

Jardar Havikbotn

**Lærar, forfattar, hobbyfilosof og rimmeister Håvard Førland er årets 17. mai-talar i Bokn.**



***Her er Håvard Førland med ei av Kjetil Hamre sine diktbøker på biblioteket i oktober 2012.***

Førland er godt kjent på Haugalandet. Han har mange meiningar om mykje og er rett så det er i Haugesunds Avis og kommenterer det som skjer, både her i distriktet og i samfunnet generelt - og orda blir førte ned på papiret som kunst.

I Bokn har han vore fleire gonger i ulike samanheng, og mest i fjor. Siste gong var i gymsalen under julekonserten 19. desember. Han syng nemleg i koret Aksang, som samarbeider med Boknakoret. På nasjonaldagen i år er han tilbake i gymsalen, som festtalar - me gler oss!

# Gratis masse

**Interesserte kan berre forsyna seg, men må ta kontakt med teknisk først.**

Ved vegen ned til High Comp **(bildet under)** ligg ein del blandingsmasse som du kan få gratis. Du må sjølv sørga for henting.

Noko av massen kjem frå fleirbrukshallen og skal opp der igjen, og interesserte må ta kontakt med Kjell Arne Valentinsen på teknisk, 52 75 25 05 før dei hentar masse.

HAUGALAND MUSEENE

## MUSEUMSTAFETTEN 2016

*Oppdag kunst og kulturhistorie på Haugalandet*

**Haugalandmuseene inviterer til månedlige kulturopplevelser med omvisning, kåseri og kaffe!**

### Program våren 2016:

**Torsdag 31.mars: Karmsund folkemuseum**
*Innsamling av fotoskatter - digitalisering og registrering av dine gamle fotografier.*
Fotoarkivar Madli Hjermann og flere av museets ansatte ønsker velkommen til en innsamlingskveld for eldre fotografi.

**Torsdag 28.april: Vindafjordmuseet**
*"Viktig forsvarsarbeid 812 m.o.h. under **Den kalde krigen;** Natostasjonen på Lysenuten"*
v/Interesseorganisasjonen for Natostasjonen.

**Torsdag 26.mai: Nedstrand bygdemuseum**
*"Skog, sager og skottar i Ryfylkefjordane på 1600-talet"*
v/historikar Arnvid Lillehammer.

### Program høsten 2016:

**Torsdag 25.august: Nordvegen historiesenter**
*Den nye kulturstien i det historiske landskapet på Avaldsnes.*
Guide: Marit Synnøve Vea, Avaldsnesprosjektet.

**Torsdag 29.september: Nerheimstunet, Ølen**
*Familiedag "Dei fór til Amerika".* Foredrag om dei som reiste etter draumen. *"Tobakksgutten"* og andre eventyr for barn om lange reiser.

**Torsdag 27.oktober: Karmsund folkemuseum**
*"Hvorfor spiser vi det vi spiser i jula?"*
Lishild Nesheim forteller om tradisjonsmat.

**Torsdag 24.november: Haugesund Billedgalleri**
*"Vær så god sitt!"* -Omvisning i designutstilling fra Nasjonalmuseet med arbeider av Svend Ivar Dysthe v/formidler Martha Ådland.

Tidspunkt kl 19-21, inngang kr 50,-.
www.haugalandmuseene.no
Pb 246, 5501 Haugesund. Tlf 52709360



# Boknasprinten 17. april

Bokn Sykkelklubb oppfordrer alle om å la bilen stå denne dagen, og heller stå langs løypen og heie. Det vil også være veldig publikumsvennlig å befinne seg rundt skolen, da dette er både start og målområde samt at rytterne passerer der to ganger.

Nødvendige tillatelser fra myndigheter er hentet inn, og vi ber om at de som må ut å kjøre om å vise aktsomhet og følge vaktenes instruksjoner. Det vil også bli kjørt bil med blinkende lys foran de raskeste når de er på veiene.

Første start er 10:30

Påmeldingen er åpen, mer info finner man ved å trykke inn boknasprinten.no i nettleseren, ellers så er vi også på facebook ved navn Bokn Sykkelklubb og Boknasprinten.»




Arr: Bokn Sykkelklubb

Boknasprinten

Bokn Sykkelklubb inviterer til terrengritt **17. april.**
Rittet gir deg 40 km med en variert og kuppert løype over vakre Bokn, som er gjennomførbar på terrengsykkel eller hybrid.

Klasser for barn og ungdom (10-16 år) 100,- start fra 10:30
Turritt fom 17 år 250,- start 13:00

Vi håper mange finner veien til Bokn Skole, eller rigger seg til langs løypen for å heie frem de fantastiske syklistene!

Påmelding på **WWW.BOKNASPRINTEN.NO**

GASNOR A Shell Subsidiary · Grieg Seafood · Spinn Sykkelshop · Knapphus · Coop marked · Laastad & Co. AS · KFL bil og utleige · Staples · Turrit.com · Norges Cykleforbund

## Påske

Påsken er den viktigste og eldste kristne høytiden og feires til minne om Jesu oppstandelse fra de døde.

**Påsken er et drama på liv og død som utspiller seg over flere dager:**

- Palmesøndag rir Jesus inn i Jerusalem og hylles som konge.
- Skjærtorsdag spiser han sammen med disiplene for siste gang og innstifter nattverden.
- Langfredag blir han korsfestet på Golgata og dør.
- Påskedag står han opp fra de døde.
- 2. påskedag fortelles det blant annet om hvordan han møter to disipler på veien til Emmaus og snur opp-ned på deres liv slik at de omvender seg.



# «Daven» - tidsbilete om fraktfart over Boknafjorden

Bjørn G. Nedrebø

**Eg har med interesse lese artiklane i Bokn Bygdablad om rutebåtane som har trafikkert på Bokn. Noko vantar og anna må vera feil i det som er skrive.**

I ein av artiklane og seinast i Bokna-kalenderen for 2016 er det kome inn at M/S «Espedal» gjekk i rute på Bokn frå 1957 til 1978. Dette kan ikkje stemme. «Espedal» gjekk i Skjoldaruta før ho kom inn i ruta på Bokn som eg vil meine var kring 1966/67. «Espedal» var i all hovud-sak ei lasterute, men tok og nokre passasjerar. Før ho kom i rute på Bokn, vart last til Bokn ivareteke av båtar tilhøyrande DSD og HDS, «Sauda», «Sand», «Tonjer» m.fl. som hadde sørgåande rute frå Haugesund om morgonen og nordgåande frå Stavanger om kvelden.

I tillegg vil eg og trekkje fram frakte-kutteren M/K «Solstrålen» som var viktig for mange på Bokn, særleg for dei på Austre Bokn. I daglegtalen gjekk denne båten under namnet «Daven» etter eigaren David Halvor-sen frå Veavågen. «Solstrålen» var engelsk kutter bygd på 1880-talet og innkjøpt til Noreg i 1901 av Johan Gudmundsen, Veavågen m.fl. Båten var på Islandsfiske i 1903 som segle-båt med Karneles (truleg døypt Kor-nelius) Mannes som skipper. Seinare vart det sett inn ein 35 HK Rappmo-tor. Båten vart om lag 1934 kjøpt av David Halvorsen (f. 1893–d.1976) ) og sett inn i fraktfart mellom Sta-vanger og Haugesund/Veavågen .

9. april 1940 låg «Solstrålen» og las-ta mais i 100 kilos sekk frå T. Skretting A/S til Peder Skeie, Karm-øy. Det vart siste regulære turen i krigsåra. I 1944/45 vart «Solstrålen» fornya hjå Ragnvald Birkeland på Avaldsnes. Alt over vasslina vart nytt. Det vart sett inn ein ny 45 HK Rapp-motor. Etter ombygginga var kutte-ren 60 fot lang. Med ny maskin var «Solstrålen» etter den tida ein kutter med god fart. Leiv Karl Didrik («Dikke») Halvorsen fortel at turen frå Kopervik til Tjuvholmen ved Sta-vanger gjekk unna på 2 timar og 45 minutt.

I 1945/46 starta David saman med sonen Didrik opp att frakteruta mel-lom Stavanger, Bokn, Kopervik, Da-len, Avaldsnesog Haugesund. Etter krigen gjekk dei ikkje til Veavågen. M/K «Marstein» gjekk ruta Stavang-er, Skudesnes, Kopervik, Vikjå, Vis-nes, Veavågen, Åkrahamn. «Solstrålen» gjekk fram til 1975. Båten vart seld til Hamburg i 1975. Etter 1970 overtok ferjene mykje av lasta over Boknafjorden, og i følgje Didrik «gjekk me dei siste årå berre på ærå». Ruta var sørgåande mån-dag og torsdag, nordgåande tysdag og fredag. I rute skulle dei gå kl 12.00 frå Stavanger, men ofte vart det seinare avgang.

«Daven» tok med seg all slags last. På sør hadde dei ofte med seg slak-tedyr. Didrik fortel at på ein av tura-ne fekk dei om bord ei ku på Austre Bokn. Som ein kan forventa, vart kua noko skremd etter at ho kom om bord. Ho gjorde sitt «fornødne» og på høgde med Alvestadkroken («Krokjen») hoppa ho på sjøen. Kua symde i land og mannskapet måtte på land å få tak i henne. Dei fekk ho om bord att, «men etter dette var ho roleg». Didrik fortel at dei hadde mange harde turar over Boknafjor-den. Ein gong fekk dei sjø og vind «akta for tvers» som tok med seg lettbåten som stod på høgd med styrehustaket. Ein anna gong då dei mista roren i søraust kuling utafor «Fjøløynå» styrte dei til «Krokjen» ved hjelp av fendrane. Dei diskutert å gå heilt til Kopervik utan ror, men det vart til at dei vart slepte til Ko-pervik av «Venadis».



***«Daven»***

I mange år fram til kring 1966/67 og «Espedal» tok over, kom «Daven» tysdag og fredag med brød og mykje anna. Desse dagane vart faste handledagar på Austre Bokn Handelslag. For oss skuleborn var «Daven» eit fast innslag på veg heim frå skulen. Vi gjekk sjeldan heim før «Daven» hadde vore til kai sjølv om klokka kunne verta både 4 og 5. Dei fleste familiane hadde fast tingingar på brød. Desse tok vi skuleborn med oss heim og hola ofte endane ut av brøda. Nysteikte brød var ikkje kvardagskost.

***Munnlege kjelder:***

*Torkell Torkellsen f.1927, Veavågen*

*Leiv Karl Didrik Halvorsen f. 1925, Veavågen*

*Arne Sunde f.1959, Håvik; Kystlaget «Kormt»*

## Politikk

# Mye engasjement i årsmøtet til Bokn Arbeiderparti

**Stortingsrepresentant Hege Haukeland Liadal (i front på bildet) besøkte Bokn Arbeiderpartis årsmøte 28. februar 2016.**

Flyktningedebatten, økende arbeidsledighet og Høyreregjeringens skattepolitikk er temaer som opptar Stortinget for tida. Arbeiderpartiet er tydelige på at kontroll ved grensene og rask behandling av asylsøknader er to sentrale tiltak i en krevende periode med stort tilstrømming av flyktninger. Vi ønsker en streng, men rettferdig politikk. Kommunene i Rogaland er anmodet om å ta imot 1600 flyktninger i 2016. Hege H. Liadal understreket at Bokn må ta sin del av ansvaret. Her drar norske kommuner lasset sammen! Utsettelser av saken fra Senterpartiet og Høyre i Bokn med krav om mer utredning er ansvarsfraskrivelse. Dette er lite verdig for et ressurssterkt lokalsamfunn med stor vilje til frivillig innsats, og ikke minst for et sted som gjerne vil fortsette som egen kommune.



Når det gjelder den økende arbeidsledigheten, jobber Arbeiderpartiet sentralt for å gjeninnføre 52 ukers permittering for arbeidsledige (30 uker idag). Det vil være helt avgjørende for å beholde kompetansen i regionen. Høyreregjeringens skattelettelser på rundt 18 milliarder er heller ikke god arbeiderpartipolitikk, når det meste av lettelsene tilfaller de 1000 rikeste i landet. Temaet Stortingsvalg 2017 var Hege H. Liadal også innom. Arbeiderpartiet i full gang med programprosessen på fylkesnivå. Forslag fra folk flest - og ikke minst fra fagbevegelsen, er velkommen i denne prosessen ! Frist for innspill til Rogaland Arbeiderparti er 20. juni 2016.

Årsmøtet i Bokn Arbeiderparti valgte Anne Løvereide Faye som ny leder etter Kyrre Lindanger, Kari Christensen som nestleder og Jørgen Thuestad som nytt styremedlem. Arne Hosaas og Christine Berge Christiansen utgjør øvrige styre, med Lillian Grønnestad som vara. Etter årsmøtesakene ble regjeringens høringsutkast til nytt inntektssystem for kommunene presentert og diskutert. Det samme ble intensjonsavtalen mellom Bokn og Tysvær om eventuell kommunesammenslåing. Godt fremmøte og mye engasjement preget årets årsmøte i Bokn Arbeiderparti, i en periode med mange utfordringer for kommunene.

***Hjerteleg takk** for pengegåva me fekk etter Kjell Øvrebø. Me fekk inn totalt kr. 4.900,- som skulle gå til personalet.*

***Bokn sjukestove***


# NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

**Bengt Krystad - leiar**

# Bokn representert i UKM

Jardar Havikbotn

**Gina Grønnestad Johannesen (piano) og Ida Havikbotn (vokal) skal representera Bokn på fylkesmønstringa i Sandnes 15.-17. april.**




*På scenen i Tysværtunet 26. februar.*

Bokn har hatt laber interesse for UKM i fleire år nå, og fått vore saman med Tysvær på lokalmønstringane. Om realisering av scene, lyd og lys i Bokn fleirbrukshall vil gjera noko med dette, får me kanskje eit svar på til neste år.

Dei scenevande boknajentene frå musikk/dans/drama på Skeisvang vgs melde seg på i siste liten liten og stilte opp med Pink-låta «Dear Mr. President». Det låt trygt og bra, men det let endå betre då dei seinare opptredde med songen på huskonsert på Skeisvang og på arrangementet til Bokn IL og Bokn sanitetsforening i Auditoriet 8. mars. Dei får også framføra låten på «Lille Maritim» i Haugesund 8. april, under eit idrettsseminar i anledning Rogaland Idrettskrets sitt idrettsting, med idrettspresidenten til stades.

Nå kan 16-åringane sjå fram til ei helg i Sandnes med store opplevingar, saman med andre kulturinteresserte ungdommar - lukke til!

Serie

# *Eg seie meg så*

Birger Lindanger

Nå er det ei stund sidan sist, men boknauttrykka verkar utømelege. Det er også mest utruleg kva nokre veit om slike uttrykk, også yngre folk. Målet vårt er å auka interessa og kjennskapen til den viktige delen av kulturen vår som språket representerer. Denne gongen kan det sjå ut til at det bare var den eldre generasjonen som blei truga med «Tollak og Lussi». På den andre sida var det helst dei yngre som visste kva ei bromla er.

**Forklaringar:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | skitnesøndag | siste søndag før juleaftan |
| 2. | ei hela | noko som er frose, t.d. i bakken |
| 3. | ei bromla | ein kjelke |
| 4. | "Tollak og Lussi" | Eit troll i Boknafjeet som ein skræmde borna med: Om dei ikkje var snille før jul, ville dei koma og tøma saltlake over dei. |
| 5. | å dronsa | å detta hardt/ å pøsa på |
| 6. | kallabiden | naglabed, kalde hender |
| 7. | ei skromla | ei som bråkar mykje |
| 8. | på lesta | på liksom |
| 9. | å tena | å ta netene or hamsen |
| 10. | eit ebne | eit emne, eit trestykke ein skal laga noko av |

**Månadens utfordringar, kva betyr**

1. å vera avlagde (tilstand)
2. ligrevegå
3. fraua
4. galdra opp
5. halda føre
6. liga hollen
7. koma onna ver med
8. kulsen
9. lònge
10. eit mehe

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 5. april.**

**Resultat:**

**Dagsentergjengen 9 poeng**
**Andor Borgenvik 9 poeng**

Over finn de eit nytt knippe av boknauttrykk, nokre er gått heilt or bruk, medan andre framleis kan høyrast. Kanskje kan denne spalta vera med på å utvida ordforrådet særleg dei yngst som står slik under press både frå massemedia og bykultur.

# GRATULERER!



**Lilja Sofie Mæland - 2 år, 28. januar.**

Gratulere så mye med 2 års dagen, blidjenta vår:) Glad i deg!

**Hilsen Hugne, mamma**



**Henriette S. Lindanger - 40 år, 27. januar.**

Me vil gratulera Henriette med 40-års dagen som var den 27. januar. Hipp hurra for deg!

**Store & varme klemmar frå Albert, Her-**



**Frida Vatnaland Eide - 6 år, 4. mars.**

Me vil gratulera Frida Vatnaland Eide med 6 års dagen den 4. mars.

**Klem fra mormor, morfar, onkel Kjetil**

## Flott resultat for Fasteaksjonen

Jan Magne Moi

Det er 6 konfirmantar i år, så kvar konfirmant fekk lang rute. Heldigvis fekk me hjelp av Ingunn Are og Eivind Øvrebø til å gå kvar si rute. Så alle hus fekk besøk.

19 495 kroner kom inn og det er nesten like mykje som i fjor (20 265).

Innsamla midlar går til Kirkens Nødhjelp og kjem vel med til vatn og andre heilt nødvendige ting for menneske i naud.






**Trond Vatnaland - 50 år, 18. mars.**

**Gratulera med dagen 18. mars til Trond Vatnaland - ein av Bokns sprekeste 50 åringer.**

**Salutt og kjempeklem fra jentene dine, store og små, firbeinte og tobeinte.**

# GRATULERER!



**Malvin Grønnestad - 80 år, 21. mars.**

**Vår fantastiske far, morfar, farfar og mann Malvin Grønnestad fyller 80 år den 21. mars.**

Gratulere så mye, du er snillest på jord og vi er uendelig glad i deg.

**Klem fra Herborg, barn og barnebarn.**

# Kulturkalenderen - **Nye arr./endringar**

**Mars**

Veke 12 Påskeferie, Bokn skule
24. Gudsteneste kl. 11
27. Gudsteneste kl. 15

**April**

01. Kino i Auditoriet
04. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
05. Formannskapsmøte kl. 19
06. Forvaltningsstyremøte kl. 19
08. Kino i Auditoriet
**09. Ope hus, Rogaland Marine/Bernhards Bil & båtlyd**
**10. Ope hus, Rogaland Marine/Bernhards Bil & båtlyd - sjå siste side**
10. Gudsteneste kl. 11 - årsmøte kyrkjelyden
**17. Boknasprinten, sjå s. 14**
17. Bokn bedehus: ABR-senteret har møte kl. 19
18. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
19. Kommunestyremøte kl. 19
22. Kino i Auditoriet
24. Vårkonsert kl. 16 - arr. Bokn musikkorps
24. Gudsteneste kl. 18 - Ung messe, samtalegudst.
27. Bokn bedehus: Sjømannsm. har basar kl. 19
**30. BoknOpp kl. 13.00**

**Mai**

01. Gudsteneste kl. 11 - konfirmasjon
02. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
06. Kino i Auditoriet
08. Bokn bedehus: NLM har møte kl. 19
10. Formannskapsmøte kl. 19
11. Forvaltningsstyremøte kl. 19
15. Gudsteneste kl. 11 - felles for Bokn og Tysvær
17. Gudsteneste kl. 10.30
20. Kino i Auditoriet
**22. Bokn bedehus: Israelmisjonen har møte kl. 19**
25. Kontrollutvalsmøte kl. 17
29. Bokn bedehus: Gidion har møte kl. 19

**Juni**

03. Kino i Auditoriet
05. Gudsteneste i Loten kl. 11 - felles Bokn/Tysvær
07. Formannskapsmøte kl. 19
08. Forvaltningsstyremøte kl. 19
12. Bokn bedehus: Normisjonen har møte kl. 19
19. Gudsteneste kl. 11
21. Kommunestyremøte kl. 19

**Juli**

10. Gudsteneste kl. 13
31. Gudsteneste kl. 11

## Gymsal, kveld - oppdatert 15.03.16

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|---|---|---|---|
| Mån | Bokn skulekorps<br>Bokn Brass | 18.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Lillian Grønnestad<br>Lillian Grønnestad |
| Tys | Barnetrim<br>Seniordans<br>Friskis & Svettis | 16.30 - 17.30<br>17.30 - 19.30<br>20.00 - 21.00 | Tore Lund<br>A. L. Hoffmann<br>Anne L. Faye |
| Ons | Fotball Mix7<br>Fotball J9<br>Volleyball, ungd. | 17.00 - 18.00<br>18.00 - 19.30<br>19.30 - 21.30 | Rannveig F. Øvrebø<br>Bjørnar Bryningsland<br>Mariann K. Furseth |
| Tor | Fotball Mix6<br>Bokn IL<br>Volleyball, vaksne | 17.00 - 19.00<br>19.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Lars Norekvål<br>Anette Våga<br>Nina K. Aspenes |
| Fre | Basistrening, frå 9 år - Bokn SK | 17.00 - 20.00 | Kjell Olav Skjelde |
| Lau | Basistrening, frå 9 år - Bokn SK | 14.00 - 16.00 | Kjell Olav Skjelde |

Bokn Bygdablad har eit trykkebudsjett på 24 sider pr. blad. For å kompensera sidetalet på det bladet du held i nå, blir dei fire neste utgåvene på 20 sider pr. blad.

***- redaktøren -***

# Kulturmidlar 2016

Jardar Havikbotn

Søknad om tilskot til kulturarbeid skal nå sendast elektronisk. Skjema og rettleiing kjem på nettsidene veka etter påske. Det nye søknadsskjemaet handlar om dei kjende tinga, men er sett opp på ein litt annan måte.

Søkarane kan allereie nå førebu dette:

- Rekneskap 2015
- Budsjett 2016
- Årsmelding 2015
- Medlemslister 2016 (pr. 01.01)

Dette er vedlegg som skal lastast opp i søknads-skjemaet.



Søkarar som kanskje trur at dei ikkje vil få dette til pga. begrensa datakunnskaper, treng

# - Titt, titt, me blei født i 2015



**Domas Rudys , 04.01.15**

Diana Rudiene & Arnoldas Rudys



**Fredrik og Celina Sæbø , 05.01.15**

Edith Hervik & Tor Inge Sæbø



**Nora Sæland, 15.03.15**

Anita Øvrebø & Stian Sæland





**Hugne Mæland, 11.04.15**

Malene &

Tor Henning Mæland



**Emily Kro, 23.04.15**

Linn Cathrine & Ingleif Kro



**Carmen Seline Strøm, 22.06.15**

Veronica & Ronny Strøm





**Amalie Vikøren, 11.07.15**

Natalie Våge & Tron Erling Vikøren



**Adelin Øvrebø, 28.06.15**

Susanne P. Grønnestad & John Øvrebø

**Michelle Kallevik Våge, 14.10.15**

Ingrid Kallevik & Vegar Våge









**Wanda Are, 17.09.15**

Agata Liszka & Tom Are

**Kasparas Joris Jaronskis, 25.11.15**

Tatjana Jaronskiene & Rolandas Jaronskis

**Kristian Øvrebø, 05.12.15**

Astri Veronica Olsen & Tore Øvrebø

# Døde i Bokn 2015

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Erik Gundersen | 05. mars | Ottar Håland | 20. juni |
| Jan Magne Alvestad | 06. mars | Helge Johannes Nilssen | 24. juni |
| Helga Sunde | 11. mars | Olaug Hognaland | 30. juli |
| Siv Mariann Overå | 22. mars | Jan Reidar Are | 04. august |
| Olav Sigurd Øvrebø | 12. april | Torunn Hognaland | 25. oktober |



# Men me får kalla oss boknarar

Birger Lindanger

**26. februar signerte Bokn og Tysvær intensjonsavtala om å slå seg saman. Ho skal opp til rådgjevande røysting i Bokn.**

Sjølv om det bare er ti år sidan dei to kommunane sist var gjennom ein slik ressurskrevjande prosess som tvinga fokus bort frå andre, viktige oppgåver er det nå altså på an igjen. Mellom anna hyrte ein i 2006 inn Telemarksforsking som laga ei omfattande utgreiing som kom i to band. Ho slo fast at Bokn hadde alt å vinna ved ein fusjon og alt å tapa på å stå utanfor. Ved avslag ville inntektsgrunnlaget svikta fundamentalt. Det ville føra til omfattande svikt i det kommunale tenestetilbodet, stagnasjon i folketalet og kommunen ville bli tappa for næringsliv. Dette fekk kommunepartiet til Høgre og delar av Senterpartiet til å rå til kommunefusjonen.

Koss gjekk det så? 78% av boknarane røysta trass skræmeskota mot å bli tysværbuar. Og spådommane til Telemarksforsking slo ikkje til. Den 25. januar 2016 presenterte VG eit stort oppslag om kommunal gjeld. Her står det å lesa at **Bokn** er «en av bare tretten kommuner i Norge hvor gjelden har gått ned og folketallet økt siden 2006.» Det har ført til at den kommunale gjelda i 2014 er kr 42 800 kroner på kvar boknar mot 54.000 på landsbasis. I motsetnad til nordmenn flest opplevde boknarane redusert gjeldsgraden sidan 2006.

Tysvær kommune gjekk i motsett retning. I 2014 sat kvar tysværbu med ei kommunale gjeld på 67 966 kroner ekstra. Kvar boknar hadde altså bare kring 2/3 av gjelda til tysværbuane! Med så låg gjeld, skulle ein tru at tenestetilbodet frå Bokn kommune var ringare enn i Tysvær. For 2015 rangerte bladet «Kommunal rapport» ut frå statistikk dei 428 norske kommunane i forhold til kvarandre. Bokn og Tysvær blei plasserte slik:

(av 428 kommunar)

| | **Bokn** | | **Tysvær** |
|---|---|---|---|
| Kommunal økonomi nr. | 22 | og nr. | 126 |
| Helsetilbod | 33 | | 313 |
| Skuletilbod | 51 | | 166 |
| Barnehage | 61 | | 319 |
| Kultur | 55 | | 164 |
| Miljø | 189 | | 308 |
| Kommunalt kostnadsnivå | 385 | | 355 |



***26.02.16: Fv. Ordførar i Bokn, Tormod Våga og ordførar i Tysvær, Sigmund Lier.***

Bokn kjem altså jamt over kjem mykje betre ut enn Tysvær trass i at dei kommunale driftskostnadane per innbyggjar bare er uvesentleg høgare i Bokn. Kanskje ligg ei av forklaringane i at Bokn i 2011 blei kåra til den fjerde beste kommunen i landet når det galdt økonomistyring? Går Bokn inn i Tysvær, vil venteleg desse skilnadane blir jamna ut.

Trass i at spørsmålet om kommunefusjon var oppe som eit viktig valkamptema i Bokn i 2015 og at både Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Høgre - dei tri største partia – lova å gå mot kommunefusjon, tvinga Oslo Bokn til å gå inn i drøftingar om ei intensjonsavtale om samanslåing. Når Bokn sit med så gode kort, skulle me kanskje venta at Tysvær viste seg litt rause i forhold til veslebror Bokn?

Her fyl nokre av punkta i avtal. Fyrst nokre moment som stel om lag alt som er av identitet frå boknarane:

- Dei mister namnet som blir Tysvær kommune.
- Dei mister venteleg kommunevåpnet som blir hegren.
- Dei mister nynorsk som kommunens målføre. Typisk nok blei den felles rådmannsrapporten skriven på bokmål.

Namnet «Bokn» er mellom dei eldste i landet og tyder «vegvisar». Namnet «Tysvær» tyder «Tettes fjord» og er meir sekundært. Argumentet for å bruka «Tysvær» som namn, er å spara pengar! Bokns kommunevåpen er varde, vegvisar. Ville ikkje det hatt ein sterkare symbolverdi enn hegren. Men også det blei Bokn rana for.

Nokre moment til:

- Kommuneadministrasjonen skal flyttast til Aksdal
- På sikt vil ungdomsskulen sentraliserast til Aksdal,
- Korttidssjukepleiepasientar skal til Aksdal
- Biblioteket blir ein filial av Aksdal.
- Kulturskulen skal ha basis i Aksdal
- Det nye kommunestyret får 29 representantar. Med litt flaks får boknarane inn to representantar mot dei 17 dei har i dag. Ved sist kommunestyreval røysta 75% av boknarane mot bare 62% av tysværbuane. Smått er godt også når det gjeld interessa for lokalpolitikk. Ein kommunefusjon vil venteleg senka interessa ned på Tysvær-nivå.
- Gulrota er eit utviklingsfond for Bokn på 10 millionar kroner, kring tiandeparten av Bokns kommunebudsjett for 2016!
- Dessutan skal boknarane framleis få lov til å kalla seg boknarar!

Her er det sanneleg ikkje mykje som fristar. Men Oslo trugar Bokn med at om dei ikkje lyder, vil dei mista rammetilskotet på 7,6 millionar kroner, om lag 8% av driftsbudsjettet til Bokn i 2015. Truleg var det dette som tvinga Senterpartiet og Høgre til å signera avtala. På spørsmål frå media, ville ikkje boknordføraren svara på om han ville røysta for henne!.

Framlegget til nytt inntektssystem for kommunane vil venteleg rasera økonomien til dei små, fusjonsuviljuge distriktskommunane. Men som i 2006 blir det truleg bare med trugsmålet. I desse krisetider vil dette vera ein elendig motkonjunkturpolitikk. Men støttepartia til regjeringa rasar mot ein slik utpressingspolitikk. Me ser då også at det er lite tenkjeleg at dei får fleirtal i Stortinget for ein slik politikk.

I 2006 røysta mest 80% av boknarane mot å bli tysværbuar, nærmar me oss 90% denne gongen?

**Birger Lindanger**

# Nytt frå kyrkjeverje Jan Magne Moi

**Parkeringsplass til kyrkja**

Trongen for parkeringsplass var ofte oppe i førre sokneråd. I haust kom alle vedtaka på plass i kommunen. Det var gjort avtale med grunneigar, Gunnar Boknaberg og no vart finansiering ordna. Odd Grønnestad har vore ansvarleg for bortkøyring av jord og påfylling av pukk og anna masse som skulle til.

Førebels er parkeringsplassen berre grusa **(bilde til høgre),** men kantsteinar og asfaltering vil kome etter kvart. Bakken må «setje seg» før ein kan leggje asfalt.



Me er svært takksame for at dette er gjort og ser fram til ferdigstillelsen av prosjektet.

**Ny dør i det gamle bårehuset**

Det er nokre år sidan nytt bårehus overtok for det gamle. Det har lenge vore ynskjeleg at utstyr ein treng for å stelle kyrkjegarden kunne bli samla i dette huset.

I fjor blei huset måla og rotne plankar skifta ut. Ny dør let venta på seg,



***Det har kome ny dør i det gamle bårehuset.***

men no vart også den montert.

**Løftefornyelse**

Speidarane har tradisjon for å vere med på gudsteneste kvar vår i samband med at speidarane årleg skal fornye sitt speidarløfte **(stort bilde).** Søndag 13. mars var også den nye prosten på besøk for første gong. Prost Rune Steensnæs Engedal **(til høgre i det vesle bildet)** har tidlegare vore kretssekretær i Haugaland KFUM/KFUK. Det var såleis svært kjekt at det passa slik at speidarane på Bokn hadde lagt løftefornyelsen til denne dagen. Det kom inn kr 5 100 i offer til Haugaland KFUM/KFUK sitt arbeid.



**Dugnad på kyrkjegarden**

Det er tid for å sjå på gravstøtter og anna tilbehør på kyrkjegarden **(bildet til høgre).**

Kyrkjeverja har vore i kontakt med steinleverandør og med dei andre kyrkjeverja her i Nordfylket. Det er kome fram at dei som er festar (har ansvar for ein gravstein), har ansvaret dersom barn under leik eller tilsette som steller gravstaden, får ein stein over seg. Det er fleire døme på at steinar som ikkje er sett opp og sikra etter dagens standard, vert straffe-rettsleg ansvarleg for skaden som steinen har påført. Fleire har måtta betale fleire hundre tusen i erstatning.

På kyrkjegarden er det mange gamle gravstøtter som ikkje held dagens krav og som står utsett til om skade skulle skje. Vi ber dei som har ansvar for gravstein her, tek ein sjekk. Alle gravsteinar skal vere fast med bolt.

På gravplassen på vestsida av vegen, er fleire gravsteinar av nyare dato og dermed sikra etter forskriftene, men der har frost forårsaka at veldig mange graver ikkje lenger står i lodd. Det hadde vore fint med ein dugnad som retta opp dette.

Kyrkjeverja har fått melding om at



*Foto: Jardar Havikbotn*

dette året vil alle gravstøttene i Bokn bli fotograferte og lagt ut på Internett i regi av DIS Norges Gravminneprosjekt. Slektsgranskarar og kven som helst, kan då gå inn på internett og finne gravstøtta. Kanskje du skulle sjå om steinen som du har ansvar for, treng reingjering slik at teksten kjem tydeleg fram?

Til slutt må kyrkjeverja meddele at det er gjort ein feil i samband med steinar sett ned siste åra. Det er ikkje høve til å setje stein oppå stor plate. Det skal vere ein grunnstein under gravsteinen og eventuelt ei plate framfor gravsteinen. Det er kyrkjeverja som ikkje har vore oppdatert på dette. Men frå no av vert ikkje slike store plater godkjende lenger.

Lukke til med dugnaden!

**Dåpsskule**

7 førsteklassingar var samla til dåpsskule 14. mars. Ein del av opplegget var å besøke kyrkja. Der var sokneprest Arne Aurdal, for å fortelje om kyrkja og om korleis det skjer når eit barn blir døypt. På tampen av opplegget, fekk dei utdelt eit ark med bilete av forskjellige ting i kyrkja. Det gjekk ikkje lang tid før dei var tilbake. «Det var pinn-enkelt», sa ei av jentene.

Det er kyrkjelydspedagog Greta Skor-

pe Elverhaug som driv trusopplæringa i Bokn, kalla «Kyrkjenær». Opplegget består av enkle samlingar for ulike aldersgrupper gjennom året.

Førsteklassingane som var med i kyrkja 14. mars, skal kome att 10. april og delta i gudstenesta.

10. april vert det dessutan årsmøte for kyrkjelyden etter gudstenesta.

kyrkje nær



**Full aktivitet i akebakken**

Endeleg nokre dagar med frost og snø! Tysdag 19. januar hadde speidarane lagt all aktivitet til akebakken **(bildet til høgre).** Det var mange slag akebrett og aktivitetar. Øvst ved kyrkjegarden stod leiarar med bålpanner og varm drikke. Fantastisk flott kveld.

Idrettslaget hadde jo også full leik seinare i veka og hamna i TV-Haugaland med flott innslag.

Det var godt ein heiv seg rundt, for kort tid etter var både snø og kulde forbi.



## Ordet fritt

# Bosetting av flyktninger - en alvorlig sak

**Flyktninger som tema i Bokn kommunestyre**

*Spørsmålet om bosetting av flyktninger har vært til politisk behandling i Bokn flere ganger, senest i formannskapet for over 3 måneder siden. Et flertall (SP og H) stemte for SP sitt forslag om å sende saken videre til kommunestyret med en økonomisk oversikt over inntekter og utgifter for å ta imot en familie på 4-5 personer. Kommunestyret ba om en orientering om erfaringer fra en annen liten kommune.*

**Sveio med 25 års erfaring**

I kommunestyrets møte 8. mars 2016 orienterte flyktningekoordinator Kjartan Eidsvåg om tiltak, samarbeid og status i Sveio kommune. Sveiossamfunnet har tatt imot flyktninger helt fra 1990-tallet og har derfor bred erfaring med inkludering av personer fra andre kulturer.

**Høy sysselsetting**

- Det er ingen ensartet gruppe kommunen har tatt imot, sier Kjartan Eidsvåg. Noen mangler helt grunnleggende leseferdigheter, andre har universitetsutdannelse og trenger kun norsk godkjenning. Store forskjeller i utdanningsnivå gir utfordringer over en bred skala, både når det gjelder språkopplæring, kulturforståelse, jobbmuligheter og generell inkludering.

I 2016 skal kommunen ta imot 25 nye flyktninger. Til tross for mange utfordringer forteller koordinatoren at de fleste flyktninger som er bosatt i Sveio idag er i arbeid.

Eidsvåg bekrefter at behovet er størst når det gjelder å ta imot enslige menn. Inntaket gjøres imidlertid i dialog med integrerings- og mangfoldsdirektoratet. Det skal så

langt det er mulig tilpasses lokale forhold, tilbud og kompetanse. Blant annet gjelder dette hvilken type boliger kommunen kan tilby (eks. familiebolig).

Sveio har gode erfaringer med å ha alternativ til språkpraksis de første 3 månedene etter bosetting. Gode arbeidsrettede program og tilpasset oppfølgingen av hver enkelt er litt av suksessoppskriften. Samarbeidet mellom flyktningekoordinator og øvrig del av kommunens NAV-kontor står sentralt.

**Positive regnskapstall og flere innbyggere**

I en prat fremholder ordfører Jorunn Skåden i Sveio at kommunens flyktningeregnskap har gått i pluss over flere år. I tillegg til positive regnskapstall, har mottak av flyktninger pr. dato gitt kommunen 118 nye innbyggere regnet fra 2007. Fraflyttingen har vært liten, av andelen på 118 har 6 personer seinere flyttet fra kommunen.

**Språksprell, Gjenbruksløe og Familievenn**

- Flyktningene må tas på alvor og aktiviseres fra starten av, understreker Eidsvåg. Det kommunale apparatet må være forberedt på at enkelte flyktninger kan være tidkrevende å gi rett bistand, mens andre klarer seg mer eller mindre på egenhånd.

I Sveio mobiliserer frivillige organisasjoner for å inkludere flyktninger i samfunnet. Språksprell er ett eksempel - et uformelt treff hvor lokalbefolkningen og flyktninger møtes. Her gis enkel språkopplæring av frivillige, knyttet til det å takle hverdagslivet i det nye landet, supplert med uformell bli-kjent-prat over kaffekoppen.

Eidsvåg understreker viktigheten av å bruke lokalmiljøet - mange gode ressurser utløses gjennom frivillige organisasjoner. Kirken i Sveio har også engasjert seg, blant annet gjennom aktiviteter som Gjenbruksløe og Mannsgruppe. I tillegg har de etablert en ordning som heter Familievenn, hvor en familie blir venn/mentorer for en flyktning/flyktningefamilie.

Det var interessant å høre om erfaringene fra Sveio - her kan Bokn bygge nettverk, dra nyte av erfaring og hente modeller til eget arbeid.

**Til ettertanke**

Vi lever i en verden med stor politisk uro og millioner av mennesker på flukt, og har forlengst tatt inn over oss at flyktningestrømmen ikke et forbigående fenomen. Tapene og lidelsene er ufattelige og behovene enorme. Jeg tror mange med meg velger vekk de verste reportasjene fra TV-skjermen. Filmklipp fra utbombede landsbyer i Syria, drukninger i Middelhavet, traumatiserte mennesker på flukt eller i overfylte flyktningeleire blir noen ganger for mye å ta inn fra sofakroken.

Personer som venter på bosetting i norske kommuner er ikke lykkegjegere på jakt etter den norske drømmen. Det er personer UDI gjennom en prosess har erkjent har et beskyttelsesbehov, de har fått status som flyktninger med de plikter og rettigheter det innebærer. Mange har et liv på vent, noe som både er uverdig for den enkelte og lite ønskelig for det norske samfunnet.

For meg er ikke bosetting av flyktninger et spørsmål om regnskapstall og nye innbyggere. Men et ønske om å delta i den nasjonale dugnaden. Om gleden over å bidra. Og muligheten for å tøye egen toleranse og øke forståelsen for annerledeshet. Om verdien av at barn og unge blir kjent med nye kulturer, tradisjoner og skikker. Et dannelsesprosjekt og en forberedelse til et voksenliv i en stadig mer flerkulturell verden !



***Flyktningekoordinator Kjartan Eidsvåg.***

***Foto: Sveio Senterparti***

Bokn er den lille kommunen som skårer høyt på levekårsundersøkelser, har en mangfoldig frivillig sektor og god plass til flere innbyggere. Arbeidsinnvandring m.v. har tilført Bokn rundt 15 nye nasjonaliteter. Kommunen har kompetkanse, skolen og barnehagen har kapasitet, den store, nye flerbrukshallen rommer flere. Lokale næringer kan få inn ekstra folk på arbeidspraksis gjennom NAV. Landbruket har kanskje også bruk for noen?

Boligspørsmålet må på bordet snarest. Rådmann Jan Erik Nygård i Bokn har uttalt at bosetting av flyktninger må sees i sammenheng med boligsosial handlingsplan. Planen ble vedtatt i 2015, og ligger på bordet til prosjektgruppa som ved årsskiftet startet planlegging av flere sykehjemsplasser og omsorgsboliger.

Flyktninger er mennesker som har mistet alt. Bosetting av flyktninger må prioriteres i Bokn, den eneste kommunen i Rogaland som så langt ikke har tatt imot noen. Det er ingen gunstig plass på statistikken, for en kommune som fortsatt ønsker å stå på egne ben.

***Kari Christensen***
***Gruppeleder Bokn Arbeiderparti***

**Bli med på Bokn opp!**

Bokn IL er klare til å skape sykkelfest 30. april kl 13! Da arrangeres nemlig Bokn opp for femte gang, i lag med Falkeid IL og alle er hjertelig velkommen, enten det nå er på sykkelsetet eller som heiagjeng!
Arrangering av sykkelritt er generelt en ganske stor jobb, med bl.a søknader, vakter og tidtagersystem som skal på plass, men for at det skal bli en fin opplevelse er en også avhengig av folk i løypa som kan gi ekstra motivasjon!
Det oppfordres med dette derfor til å være med slik at rittet fortsatt gir mersmak, og blir regionens tøffeste, men også vakreste sykkelritt.



**Velkommen til styrke/sirkeltrening på Bokn IL`s klubbhus torsdager fra kl 20.00**

Kom ferdig oppvarmet (5-10 min rask gange/løping er nok).
Anette og June geleider deg så igjennom øvelser hvor vi trener de store muskelgruppene ved hjelp av ulike apparater i treningslokalet.
Styrketreningen vil styrke skjelettet, musklene og leddene og forebygger gjennom det arbeids- og belastningsskader og beinskjørhet. I tillegg styrker det hjertet og lunger, gir deg en bedre fordøyelse, balanse, nattesøvn, selvtillit og et bedre forhold til din egen kropp. Dessuten øker det forbrenningen din, ikke bare når du trener….
Alt i alt - enten du er 15 år eller 85 år – og uansett kjønn er det ingen grunn til at du ikke skal begynne å trene styrke!



**Det er og skal være godt med mat!**

Det var med dette som utgangspunkt at Margit Vea, som har skrevet bøker og holdt kurs og foredrag om barn og mat siden hun selv fikk sitt første barn for over 14 år siden, ble invitert til auditoriet av Bokn IL's fotballgruppe.



*Fv. Hannah S. Bannister og Margit Vea tilbereder god mat.*

Selvsagt vet vi alle at maten vi spiser betyr mye for kroppen og at vi spiser for å bli sunne og sterke. Men Margit, som er fast skribent for Aftenposten Juniors matside og kjent for Matpatruljen på tv, snakket først og fremst om at det med årene ikke er blitt mindre viktig at barn skal få vokse opp med ekte mat på bordet, få smaken på naturlige og rene råvarer og kjenne matglede. Hun formidlet at vi spiser fordi det gjør oss godt og at maten skal være god, noe som ikke er så vanskelig å få til som mange kanskje trodde på forhånd.

Under foredraget hentet hun frem flere frivillige fra de rundt 70 fremmøtte i salen, som sammen med henne viste hvordan alle kan tilberede god, naturlig og levende mat som gir gode smaksopplevelser og god helse. Etterpå fikk alle som ville smake på både havregrøt, smoothies og frukt og grønnsaker med dip.

**Vellukka quiz**

Kvifor ikkje arrangera quiz på Bokn, tenkte Anette Våga. Vips, der hadde ho organisert ein liten komite og plukka ut 5. februar til Bokn's første quizkveld. Straks informasjonen var ute, starta påmeldingane å rulla inn. Når kvelden kom var det fullt lokale på idrettshuset, stemninga var høg og konkurranseinstinktet kvessa.



*«Solstrålene» gjekk av med sigeren .*

9 lag med tilsaman 76 deltakarar svarte seg gjennom dei 7 faga på timeplanen. Me hadde snike inn «Lokalt» mellom Kroppsøving og Kunst og Handtverk for å terga eventuelle tysværbuar. «Solstrålene» gjekk av med sigeren denne gong. «Detlagetsomeigentlegvant» fekk prisen for beste lagnamn.

Sidan kvelden var så vellukka, kan det hende idrettslaget slår til med ny quiz i år, kanskje allereie i vår. Då har du som gjekk glipp av dette sjans til å vera med, og t.d. «Lakseflaks», «Frustrerte Høner» og «Dei onna 30» kan kjempa om ein etterlengta revansj.

**Vinteraktiviteter i skoletiden!**

Når endelig januar kom med frost og snø, kom også akebrett, kjelker og ski fram ved Bokn skole. En vet jo aldri hvor lenge slikt varer, så lærerne var skjønt enige i at det bare var til å hive seg rundt og komme seg ut og nyte det deilige vinterværet.

Sjuende klasse og flere andre klasser, valgte derfor blant flere flotte bakker i nærheten av skolen, å ta turen opp i Kjerkebakken noen timer. Der ble det stadig satt nye fartsrekorder og gjennomført vågale hopp og stunt som for noen, endte både med knall og fall. Og joda, det ble vondt noen ganger, men heldigvis gikk det fort over….



***Aking på presenning var farlig kjekt!!***

Da solen også tittet frem, ble dette en virkelig flott dag, hvor det så ut som om alle elevene koste seg med frilek, diverse konkurranser og popcorn på bålpanna. Tenk om det kunne blitt en tradisjon!

# Med stor suksess, men i siste liten….

På vegne av Bokn IL utfordret Anette Våga, sambygdingene til vinterlek dagen før mildværet var meldt. Og heldigvis viste det seg at boknerane ikke var vanskelige å be. Rundt hundre barn og flere voksne møtte opp klokken 16 denne torsdag ettermiddagen i januar, og med så godt oppmøte er det kjekt å stelle i stand til sosialt samvær, frilek og konkurranser.

Det var anledning for både barn og voksne å delta på vinterøvelser som skiskyting, snøballkasting, hopp, snømåke-vasking og slalomkjøring med akebrett, ski eller på skiykkel. Sistnevnte var en farkost, laget av Erik Våga, bestående av en sykkel med ski og uten hjul, og som ble tatt i bruk under den ikke helt farefrie ildtenningen. OL-følelsen og stemningen var selvsagt heller ikke langt unna, da alle som deltok fikk håndlagde medaljer, og der var mulighet for å «søke» etter kvikklunsj i snøen! For de som ville ha noe å varme seg på, ble det solgt solbærtoddy og pølse i brød!





***Kåring av årets skipar, Lars Norekvål og Frode Våge*!**

## Vel blåst fotballavslutning!

**I fjor haust var det fullt hus i gymsalen på Bokn skole, da det ble arrangert fotballavslutning for alle aldersbestemte lag i Bokn IL.**

Alle spillere med søsken og foreldre var invitert og med så mange som over 70 spillere, i tillegg til trenere og lagledere var det ikke akkurat stilt rundt bordene. Det viste seg atter en gang å bli en veldig fin og minnerik avslutning, hvor det var overrekking av pokaler til alle spillere og utdeling av blomster og diverse til trenere og lagledere. Det ble servert pastasalat som foreldrene hadde laget og bagetter gitt av Meny på Gard, noe som var veldig populært. Til slutt var det ballongbingo på scenen, hvor en kunne vinne mange flotte premier!

De fremmøtte fikk også et godt innsyn i sesongen 2015, både når det gjaldt kamper, treninger, cuper og lignende for hvert enkelt lag. Videre ble det sagt at interessen og engasjementet rundt fotballen i Bokn har vært veldig bra i året som gikk, og fotballgruppen håper at flest mulig blir med også neste sesong. Den største utfordringen blir om en klarer å beholde og eventuelt rekruttere flere jenter, slik at en kan stille med to jentelag også i 2016.

Fotballansvarlig Anette Våga, var veldig glad for at det møtte opp så mange denne kvelden og vil ønske alle aktører lykke til i kommende sesong.

Trenere og lagledere takket for en super sesong med mange gode treninger og kamper. Det ble sagt at mange spillere har utviklet seg masse både når det gjelder teknikk, forståelse og lagarbeid, men også at trenere har lært mye og gleder seg til oppstart igjen!

Fleire lagpresentasjonar i neste blad.



*Trenere og lagledere: Bak fv. Bjørnar Bryningsland, Alf Åge Alvestad, Frode Våge, Fredrik Faye, Erik Våga, Jostein Larsen, Lars Norekvål, Trond Foss og Harry Bokneberg. Framme fv. Bianca Alvestad, Catharina Øvrebø-Langhout og Rannveig F. Øvrebø.*



*Mix 6: Bak fv. Truls Foss, Mathias M. Hemdorff, Ove B. Christiansen,Lovise R. Lund, Jonas T. Lindnes og Odin S. Hansen.*
*Framme fv. Torstein F. Johannessen, Veslemøy Våga, Ådne Norekvål, Mia Luna V. Arellano og Espen O. Våge.*



*Mix 7: Bak fv. Ole Magnus A. Pedersen, Radu Stef, Emilia Ufnal, Sanne Øvrebø, Magne R. Lund og Noah Bothe.*
*Framme fv. David Bothe, Andreas G. Alvestad, Ørjan Oliversen, Linn Kristin A. Pedersen og Runar Alvestad.*

## Årsrapport fra volleyball-gruppen

Høsten 2015 valgte vi å ta steget videre i volleyball og meldte på 3 stk til trenerkurs. På den måten har vi nå fått muligheten til å kunne fokusere mer på grunnleggende teknikk og videreføring av denne, slik at de unge får best mulig utbytte av treningene sine. Målet på sikt vil bli å kunne melde på lag til helgeturneringer og når ungdommene føler seg klar for det så kan vi gå ut i serien med de.

Godkjente trenere for ungdomsvolleyballen er nå Mariann K Furseth, Didrik Alvestad og Jørgen Nilssen. Vi ønsker med dette å kunne sende flere på trenerkurs slik at vi har mulighet til å kunne utvide tilbudet vårt når vi kommer i idrettshallen.

Vi har kjørt en trening i uken på 1,5 time, som vi nå etter nyttår har fått utvidet etter ønske fra de unge til 2 timers trening. Målet senere er at vi kanskje kan ha 2 treninger i uken på 2 timer hver gang.

På ungdomstreningene har det vært kjempegodt oppmøte, hvor vi har vært i fra 8-14 mann pr trening. Trenerne har da vært Mariann og Didrik, med hjelp fra Kaj Raymond Mikkelsen i de periodene Didrik er ute på arbeid. Ungdommene har vært utrolig positive og lærevillige. Hvor de beste ungdomsspillerne har fått tilbud om å spille med de voksne og være med på turneringer sammen med de voksne.

Som takk for ungdommene sin flotte ståpå-vilje gjennom året arrangerte trenerne grøtfest, med kakebaking og film.



*Bilde fra Juleavslutningen til Ungdomsvolleyballen, med Anja, Simmen, Kristina, Madelen, Maja, Haldor, trener Didrik, Lene, Hermine, Jørgen, Kristian, Sunniva, Alina, Tomas & Gaute (Michelle kunne dessverre ikke være med på avslutningen).*

**Voksen-volleyballen** som går på torsdagskveldene er det Nina Kristin Aspenes som har vært ansvarlig for. Der har det vært utrolig varierende oppmøte gjennom årssesongene, hvor det har vært alt fra 6 stk til 16 stk i oppmøte. Pga at det kun er spill og ikke trening har folk i Bokn kun brukt det som kjekt tilbud å være med uten oppmøteplikt.




*Bilde er tatt fra Vår-turneringen 2015, med Kaj Raymond, Elisa, Aleksander, Odd Kenneth, Mariann og Nina (innbytterne Simmen, Anja og Jonas ble dessverre ikke med på bildet).*

Allikevel så har Nina med litt drahjelp fra Mariann klart å få med nok folk til at en har kunne meldt på lag til turneringen som går på Stord to ganger i året. Resultatene har vært varierende etter hvem som har kunnet bli med på turneringene. Våren 2015 kom Boknagjengen på 11. plass av totalt 16 lag, mens Høst 2015 måtte vi ta til takke med sisteplass.



# AV·OG·TIL

UTAN ALKOHOL

# Gratulerer!

**No bur du i ein AV-OG-TIL-kommune!**

Tysvær, Bokn og Sveio har no inngått eit samarbeid med alkovettorganisasjonen AV-OG-TIL. Det vil seie at kommunane vil jobbe metodisk med å fremje godt alkovett. Det vil alle innbyggjarane tene på.

Godt alkovett er å tenkje seg om før ein drikk, og ha eit bevisst forhold til at det nokre gonger ikkje passar med alkohol. I desse situasjonane er det ekstra viktig å vise alkovett: arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett og friluftsliv, samvær med barn og unge, livskriser og trafikk.

Bli med og støtt opp om tiltaka som kommunen din vil gjennomføre som AV-OG-TIL-kommune, Velkommen!

TYSVÆR KOMMUNE BOKN KOMMUNE SVEIO KOMMUNE

# Areal- og transportplan for Haugalandet

Jardar Havikbotn

**Bokn kommune var 7. mars vertskap då alle kommunane på Haugalandet samla seg om eit innspel til planutviklar Rogaland fylkeskommune. Planen vil vera styrande for utarbeiding av nye kommuneplanar og reguleringsplanar.**

Observatør Terje Halleland frå fylkeskommunen fekk med seg at sjølv om det var ein del semje i innstillinga frå kommunane, var det også ein del punkt det blei tatt dissens på (meiningsskilnad). Dette handlar om sentraliseringsfokusering, og ordførar Tormod Våga seier han er spent på kva fylkeskommunen vil vektlegga når dei skal ha planen opp til behandling.

Areal- og transportplanen for Haugalandet skulle vedtas i førre 4 årsperiode, men politikarane ba om utsetjing då dei meinte at planen var for stiv og lite fleksibel. Møtet i Bokn var det tredje og avgjerande møtet, der alle kommunane har fått deltatt på politisk og administrativt nivå. Adm. direktør i Haugesundregionens Næringsforening, Egil Severeide, var også til stades på møtet.



***Ordførarar, rådmenn og arealplanleggarar samla rundt bordet i allrommet på Boknatun.***

Planen vil vere styrande for kommande arbeid med nye kommune- og reguleringsplanar, og får såleis stor betydning for utviklinga av heile Haugalandet.

# Nytt vannverk

Kjell Arne Valentinsen

Bokn kommune holder nå på med å planlegge/sette opp nytt vannverk.

Det er to viktige forhold som gjør det påkrevd å etablere nytt vannverk.

Det gamle anlegget greier ikke å produsere mer vann en vi i bruker i dag, dvs. vi vil slite stort med å produsere nok vann inn i fremtiden.

Bokn kommune er bedt om å levere vann til tunelldrifting og fremtidig spyle/brann-vann til ROGFAST tunellen.

Forespeilt vannforbruk under opparbeidelse av tunnel, vil ligge godt over det vi greier å produsere i dag, dvs.

Vi må bygge nytt vannverk for å kunne produsere nok vann inn i fremtiden, dette må skje raskt siden vi og skal levere vann til tunelldrifting. Utbyggingen vil medføre at vi tredobler dagens produksjon. Vi skulle ønsket å produsere mer, men drikkevannskilden vår er ikke dimensjonert for et større uttak. Når det gjelder drikkevannskilden, så har vi inne en søknad til NVE om å få demme opp vannet 1 meter. I tillegg til oppdemning, må vi legge en større inntaksledning til pumpa vår, dette for å kunne pumpe nok vann opp til vannverket.

**Prosessanlegg og høydebasseng**

Det nye vannverket vil bli satt opp like øst for det gamle. Vi har laget en avtale med de to grunneiere som eier dette arealet. Kan ikke annet en å skryte over imøtekommenheten til de to. Det nye anlegget vil bestå av et bygg til prosessanlegget og et høydebassenget. Selve høydebassenget vil bli 16 meter i diameter og 6 meter høy. Vi får da en tank som rommer 1000 m³ vann. Dagens tank som er på 250 m³ vil også bli en del av anlegget. Bokn kommune har i dag en meget god vannkvalitet. Når det nye anlegget trer i kraft, vil vi få enda bedre kvalitet, vi vil og få enda bedre kontroll på det vann vi sender ut til dere.

Fra det nye vannverket vil vi legge en

ny avløpsledning (se kart). I tillegg vil vi legge ny hovedvannledning, dette på grunn av at den gamle nærmer seg 50 år. Da alternativene ikke er så store når det gjelder trassevalg, vil vi på deler av strekningen grave opp den gamle grøften og legge det nye ledningssystemet der. På kartet vil dere også se at vi må gå ned på jordene. Dette på grunn av at vi må ha et fall på ledningsnettet hele vegen. Vi ønsker her å få en god dialog med eierne. Ber om forståelse for at vi må grave på eiendommene.

**Våren 2017**

Vi vil sørge for at vegen vil være åpen under hele prosessen. Eiendommene vil få minst samme standard som de har i dag. En ser for seg at vi kan få satt opp, og få det nye vannverket i drift litt ut på vårparten 2017. Når det gjelder kostnad, så er dette et samarbeidsprosjekt mellom Bokn kommune og Statens Vegvesen.

Har dere spørsmål eller synspunkter ta gjerne kontakt med undertegnede.

***Kjell Arne Valentinsen***




## Spanande og lattermildt
# forfattarmøte

Merete Alvestad

Bjørn Sortland **(bildet)** er eit kjent namn for dei som les barne- og ungdomslitteratur, og det med rette. Bøkene han skriv passar midt i blinken for dei som vil lesa bøker med action, humor og eit streif av alvor. Og akkurat slik er mannen også! 4. til 8. klasse fekk oppleva han i auditoriet på Bokn skule 23. februar. Han engasjerte små og store med sin ærlege og vittige måte å fortelja på. Me fekk høyra om korleis han får idear og jobbar med dei, korleis ein forfattar arbeider og kor skummelt det er å senda inn ei ny bok til redaktøren sin.

Elevane var godt førebudd. Nokon hadde laga spørsmål. Fleire av klassane har lese bøkene hans om Kunstdetektivane, og mange hadde også lese om Bønna og B-laget eller andre av bøkene hans. Forfattaren kunne røpa at akkurat denne dagen gjekk den siste av bøkene hans om Kunstdetektivane i trykken. Den heiter «Las Vegas-mysteriet», og den kjem det nok til å bli venteliste til på biblioteket.



**Bøkene til Bjørn Sortland er herved anbefalt!**




**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar,

tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30

Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**PSYKISK HELSETENESTE**

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70 (me er lettast å få tak i på mobil)

**E-postar:**
**henriette.lindanger@bokn.kommune.no**
**miriam.berland@bokn.kommune.no**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**




# Drømmer du om nytt hus?

Visste du at nå er det veldig gunstig å bygge nytt hus? Renta er historisk lav, og om ett år blir det skjerpede byggeregler som gjør nye boliger dyrere. Nå har du derfor sjansen til å skaffe deg et VestlandsHus som har blitt testet i vest siden 1974 – med andre ord en solid bolig til en god pris. For kr 2.680.000 får du nøkkelferdig bolig - bare å flytte rett inn. Den første som bestiller får hagestue med på kjøpet. Boligen har godt med rom og er i to plan. Den inneholder 4 soverom, stue og kjøkken, 2 flislagte bad, og tillegg får du fliser i hall og en flott vedomn. Bokn kommune har ledige tomter i Fyrvegen og estimert totalpris for bolig og tomt er omtrent 3.300.000,-*

Ta kontakt med oss for mer informasjon om hvordan vi kan gjøre din boligdrøm til drømmeboligen!

* I tillegg kommer kostnader knyttet til byggesak og eventuelle kundevalgte tillegg. Vi tar forbehold om grunnforhold.







## Salget har startet!

MÆLAND BYGG
NYBYGG & REHABILITERING

www.maeland-bygg.no
jmm@maeland-bygg.no
telefon 90 56 52 45

VESTLANDS HUS
*- endelig hjemme*

## Info frå

HIM
Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

### Slamtømming

**Fra 1. januar har HIM overtatt ansvar for administrering av slamtømming og innkreving av slamgebyrer for HIM-kommunene. Det medfører noen endringer både for abonnentene, kommunene og HIM.**

1 - Nye anlegg:
Det er fremdeles kommunene som er rett sted å henvende seg for å søke om nye anlegg/utslippstillatelser.
Når det er gitt ny utslippstillatelse må kommunen sende en kopi av den til HIM på epost til: post@him.as. Husk at AnleggID (fra Komtek) må anføres. HIM sørger for å få nye anlegg med på oppdragslisten til SJT.

2 - Søknad om fritak:
Det er HIM som skal håndtere søknader om fritak.
HIM behandler søknaden og informerer den aktuelle kommune fortløpende.

3 - Faktura:
Det er HIM som skal kontaktes mht fakturaer og betaling vedr. forhold som gjelder fra 1. januar 2016. Forhold/fakturaspørsmål som gjelder 2015 og eldre skal den enkelte kommune ta seg av.
Faktura med slamgebyr for 1. halvår 2016 vil bli sendt ut i mars/april. Etter det vil slamgebyr bli fakturert sammen med renovasjonsavgiften.

### Mobilt mottak for grovavfall, våren 2016

HIM vil også i 2016 besøke utvalgte steder med vårt mobile avfallsmottak for grovavfall. Nedenfor ser du liste over stoppesteder og tidspunkter for våren 2016. Stoppesteder for høsten 2016 vil kunngjøres senere.

Dette er primært et tilbud til de av våre abonnenter som har lengst vei til et av våre mottak (Årabrot, Toraneset og Tongane i Etne). På våre mobile avfallsmotak kan du som privatperson levere alle typer avfall, mot kontant betaling. Prisen er den samme som på våre ordinære mottak. Unntaket er asbest/eternitt og store vinduer. Det MÅ leveres på de ordinære mottakene. Vi har dessverre heller ikke kapasitet til å ta i mot store lass levert med vare/lastebil.

Plass: Kyrkjebygd aktivitetshus ved Bokn kyrkje, onsdag 13. april kl. 17:00-18:30 og torsdag 21. april kl. 17:00-18:30.

# GOD PÅSKE!


Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinikk i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

**Telefon 52 77 57 00**

aksdal TANNKLINIKK

**TANNLEGE**
**Ingjerd H. Myklebust**

**TANNLEGE**
**Camilla K. Mæland**


### Ledig omsorgsbustad

Det er ledig ein omsorgsbustad, som er ein to-roms på 45 m2, utsikt mot vest og kostar kr. 5.788 med straum (stipulert). I tillegg kjem utlegg til Altibox, seniorpakke på kr 658,- pr. mnd. Bustaden er innflyttingsklar.

Søknadsfrist: 08.04.16.



# KFL bil og utleige

| | | |
|---|---|---|
| Utleige av stillas | frå | 500 kr. pr.v. |
| Utvendig lakkrens av bil | frå | 2.500 kr. |
| Innvendig reingjering | frå | 500 kr. |
| Skinnpleie | frå | 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanl. | | 500 kr. |

**Utleige av minigravar 2500 kg**

| | |
|---|---|
| Pris døgn | 1.000 kr. + mva |
| Pris veke | 5.000 kr. + mva |
| Pris pusseskuffe | 150 kr. + mva |
| 3.500 hengar, døgn | 400 kr. + mva |

**Nytt!**
Smøreoljer til alle formål. T.d: 2 taktsolje, motorolje, hydraulikkolje, sagkjedeloje osb.

**Kjell Frode 907 83 797**
**John Magne 909 24 964**
**@: kjellfrode75@hotmail.com**

RYMAX LUBRICANTS
MADE IN HOLLAND

**NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT**

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964


# Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop Marked Bokn.

**Opningstider blir varsla med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.**

Helsing
Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258




**BOKN BYGDABLAD**

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 437,- pr. år, kr. 613,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen


**Framsidebilde, kyrkja får ny parkeringsplass, foto: Jan Magne Moi**




Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

# Savner du katten din?

Denne jenta ble meldt inn til dyrebeskyttelsen 21. januar 2016. Hun var da søkt eier etter, men uten resultat. Finner var bekymret da hun virket tykk og fryktet en nært forestående fødsel.
Hun hadde og en stor klump ved et jur og var bekymret for dette .




5/1-16 ble hun hentet inn til db. Klumpen var en veldig stor brokk. Hun ble testet for FIV/FELV , men var heldigvis frisk .

Hun var ikke gravid , hun ble da operert for brokk samtidig som hun ble kastrert og chippet .

Kontakt:

Dyrebeskyttelsen Norge avd. Haugaland
Mona Thorsen
Frakkagjerddalen 64, 5564 Førresfjorden

# Kjære lesar!

**Det kan vera vanskeleg og irriterande å venta, men som oftast er det ei fornuftig forklaring på det meste.**
At dette bladet kan bli forseinka er ikkje noko nytt. Prioritering av andre kommunale oppgåver ligg bak. Det er både stressande og hyggeleg at fleire abonnentar, som ikkje er på nett, ringer og etterlyser bladet.
Forseinkinga fører til at nr. 2 blir mars/april - nr. 3 april/mai - nr. 4 mai/juni og nr. 5 juni/juli.

At **bygdebøkene** blir endå meir forseinka vil eg tru er ei mykje kjedelegare sak. Me hadde grunn til å tru at dei ville ligga føre i starten av dette året, men iflg. ein framdriftsplan frå produksjonen ser det nå ut til å bli i 17. mai-veka (veke 20). Kvalitetssikring er stikkordet her, og eit døme er eit halvt tusen foto og fototekstar.
Forfattar Birger Lindanger, som har god kontakt med produksjonen, seier at eit omfattande person- og stadnamnregister og saksregister og endeleg utarbeiding av kart og grafiske framstillingar også tar lang tid. Og når produksjonssjefen er svært nøyen, veit me at resultatet blir bra og ser fram til det nye vekenummeret!

***- redaktøren -***






**BIBLIOTEKET ER STENGT I PÅSKEVEKA.**

**GOD PÅSKE!**

## BOKN LEGEKONTOR

Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08 – 15.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Timebestilling også på nett / SMS – sjå bokn.kommune.no for meir info.

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Dersom du er utanfor kommunen, men treng å komme i kontakt med Bokn legevakt (f.eks som pårørande), ringer du 52 74 85 22.

**Jan Schille - lege**

Legevakt 116117





Velkommen til Hårsmiå!

Har du tørt hår så tilfør proteiner og håret vil igjen bli sterkt og glansfullt.
Mineralogie sminke med fibermascara for salg.

Ønsker alle en god og fin påske.

Mvh. Mona








# Nytt år; nye TellTurar - e`du klar?

**Det er kjekt å kunne lansere årets offisielle oppstart for TellTur 2016! Laurdag 19. mars er det berre å begynne å telle og registrere turane du og dine går.**

For meir info om Tell Tur og korleis ein lagar seg brukar for registrering av turar og poeng sjå http://telltur.no/hjelp

**God tur!**




## Ny tur i Bokn 19. mars 2016 - Hognåsen:

**Tilhører: Bokn kommune** **Poeng: 10**

**Hognåsen**



Startpunkt: Are
Parkering: Are friluftsområde
Lengde: 2 km
Høyde: 0 – 125 moh.
Tid: 1,5 time t/r
Vanskegrad: Blå

**Turbeskrivelse**

Like før ferjekaien i Årsvågen tar du av til høyre fra E39 og følger skilt til Are friluftsområde, hvor det er god parkeringsplass. Fra p-plassen følger du grusveg vest- og sørover til grind og kjerreveg videre vestover mot Steinsvikane. Like ovenfor gapahuk tar du av på sti til venstre og følger stien (røde merkepinner) gjennom kulturlandskap og passerer arkeologisk, interessante funnsteder, bl. a. gravhauger og fjøremannstufter.

I Steinsvikane følger du stranda videre vestover og tar av ved skilt som peker nord- og oppover i terrenget mot Hognåsen. Nå går du gjennom bregnemark, passerer steingard og grasslette, nytt bregneområde og kommer på en liten høyde med et par store kampesteiner (ca. 300 m fra skiltet). Her starter den bratte oppstigningen til selve Hognåsen. Selve stien er ikke så tydelig her, men enkelte små steinvarder viser traseen.

På toppen får du en flott utsikt over sørlige deler av Bokn og hele Boknafjorden. Koden er plassert i postkasse ved merket på toppen av Hognåsen.

## Kart




Vis større kart

## Flest besøk i 2016

*(10 på topp)*

**Antall:** **Navn:**

## Besøkslogg

*(10 sist registrerte på turmålet)*

**Dato:** **Navn:**

**A-Blad**
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN





## ÅPENT HUS LØRDAG OG SØNDAG 9. OG 10. APRIL

### Åpent begge dager kl. 10.00 - 18.00

Kom innom og se vårt store utvalg av båter fra Inter - AMT - Silver - Terhi - Sealegs. Motorer fra Honda og Tohatsu.
Vi har også "messepriser" på utvalgte motorer og båtpakker.







FM nettet for radio i Norge slukkes fra 2017.

Bilstereo-avdeling har også åpent.

Kom innom og se hvilke DAB+ løsninger vi har for nettopp din bil eller båt.

ROGALAND Marine

BERNHARD'S BIL & BÅTLYD

Havnavegen 54, 5561 Bokn - Tlf. 416 65 015 - E-post: post@rogalandmarine.no

www.rogalandmarine.no